



Saksliste programstyremøte for spansk språk og latinamerikastudium

Dato: 8. februar 2023

Sted: rom 305 HF-bygget

Tidspunkt: kl. 12.15-14.00

Saksliste

01/23 **Godkjenning av innkalling og saksliste**

02/23 **Godkjenning av møtereferat fra [programstyremøtet den 7. desember](#)**

03/23 **Til orientering:**

1. Redesign av lektorprogrammene
Kari og Xavier har sendt inn svar til høring om modeller for lektorprogrammet (i fremmedspråk).
2. Oppretting av et programstyre for fagdidaktikk ved Institutt for fremmedspråk
3. Ny forskergruppe i regi av Ernesto Semán
4. Latin Amerika konferanse ved UiB i september

04/23 **Midler til undervisningsassistenter**

Det har blitt lyst ut midler til bruk av undervisningsassistenter for å gi tilbud om ekstraundervisning (faktor 2). Søknadsfrist den 20. februar. Hvilke emner/tilbud skal vi søke for?

05/23 **Kriteriene bak fordeling av veiledere**

Undervisere ved faget diskuterte rammer for fordeling på lærermøte den 19. januar og kom da frem til følgende forslag til kriterier/rammer:

1. Vi foreslår å fortsette med en praksis der studentene melder inn ønske om disiplin/tema og evt. veileder for masteroppgaven, i rangert rekkefølge. I tillegg foreslår vi å be studentene skrive motivasjonsbrev der de forklarer hvorfor de ønsker førstevalget sitt (hvorfor det er viktig å forske på dette, hva kan de bidra med og eventuell personlig motivasjon).
2. I forkant av søknadsfristen må studentene ha det klart for seg hvordan fordelingen vil bli mellom disiplinene med tanke på ledige plasser. De



må få vite hvor mange nye studenter hver veileder/disiplin kan ta på seg ansvar for.

3. Vi må også kommunisere tydelig for studentene at de kan bytte disiplin, men bare dersom det er ledig med kapasitet hos den disiplinen de ønsker å bytte til.
4. Vi mener det ikke er nødvendig å endre på noe i emnebeskrivelsen til SPLA314.

06/23

Arbeid med studiekvalitet jf. UiBs kvalitetssystem for utdanning

Styret har ansvar for studiekvaliteten i både enkeltemner og program som er knyttet til faget og må årlig ferdigstille en evaluering av undervisningen og vurderingen som har funnet sted i 2022 [jf. UiBs kvalitetssystem](#).

Styreleder vil basert på samtale i styret og innsendte vurderinger og statistikk skrive en egenvurdering for hvert av programmene. Egenvurderingene av programmene vil bli lagt frem for instituttledelsen og danner grunnlaget for instituttets årlige studiekvalitetsmelding.

07/23

Eventuelt

2.2.2023/RGB



MODELLAR FOR LEKTORUTDANNINGA VED UIB

**RAPPORT 2 (2022) FRÅ PROSJEKTGRUPPE FOR
REDESIGN AV LEKTORUTDANNINGA**

UNIVERSITETET I BERGEN



1. BAKGRUNN OG MÅL	1
2. INNSPELSRUNDEN	2
2.1 GENERELT OM INNSPELSRUNDEN	2
2.2 SVAR PÅ SPØRSMÅLA I INNSPELSRUNDEN	5
2.3 NOKRE SPESIFIKKE SPØRSMÅL	12
2.3 KOLLISJONSMATRISER	16
GENERELT	16
VURDERINGAR.....	17
3. MODELL FOR PRAKSIS OG PROFESJONSFAG	20
3.1 INNPLASSERING AV PRAKSIS	20
3.2 INNPLASSERING AV PROFESJONSEMNE	22
4. MODELLAR.....	24
4.1 MN-FAKULTETET	25
4.2 HF/SV-FAKULTETET	27
MODELL A: FELLESMODELLEN FOR HF/SV.....	28
MODELL B: PARALLELLMODELLEN	30
MODELL C: EX.PHIL.-MODELL MED PARALLELLØP.....	32
MODELL D: TILPASSA EX.PHIL.-MODELL	34
5. TILRÅDING	36
VEDLEGG: KOLLISJONSMATRISER	37

1. BAKGRUNN OG MÅL

I denne rapporten gir prosjektgruppa for redesign sine vurderingar og tilrådingar for ein modell for lektorutdanninga ved Universitetet i Bergen (UiB).

Rapporten byggjer på prosjektgruppa sin tidlegare rapport frå 25. oktober 2022, [Redesign av lektorutdanninga ved UiB: Modell-utkast](#) (Rapport 1, 2022), som danna utgangspunktet for ein skriftleg innspelsrunde i perioden 25. oktober til 21. november.

I denne rapporten blir innspela som kom i innspelsrunden, presenterte og drøfta. Rapporten inneheld vidare konsekvensanalysar av ulike modellframlegg, bl.a. med informasjon om kollisjonsmatriser. Til slutt vil prosjektgruppa kome med tilrådingar om modell.

Det må understrekast at *Rapport 1 (2022)* og *Rapport 2 (2022)* må sjåast i samanheng, og at denne rapporten byggjer på dei premissane og utgreiinga som ligg føre i *Rapport 1*. I Rapport (1) vil ein såleis finne informasjon om bakgrunn for redesignarbeidet og om opprettinga av prosjektgruppa.

Prosjektgruppa som er utarbeidd rapporten har følgjande medlemmer:

- Prosjektleder: Endre Brunstad, professor, lektorsenteret
- Jorun Nyléhn, førsteamanuensis, Institutt for biovitenskap
- Marianne Jensen, rådgivar, Matematisk institutt
- Sigrid Ørevik, førsteamanuensis, IF
- Frode Helmich Pedersen, professor, LLE
- Sissel Undheim, professor, AHKR
- Katharina Sass, førsteamanuensis, Sosiologisk institutt
- Lars Petter Torjussen, førsteamanuensis, Institutt for pedagogikk (Iped)
- Cecilie Boge, førsteamanuensis, UiB Læringslab
- Sigrid Thorsen Baarnes, studentrepresentant, FIL (lektorprogrammet i nordisk)
- Katrine Aske, studentrepresentant, FIL (lektorprogrammet ved MN)

Ranveig Lote (seksjonssjef ved lektorsenteret) og Iren Igesund (rådgivar ved studieavdelinga) har utgjort sekretariat for prosjektgruppa. I arbeidet med kollisjonsmatriser har det vore assistanse frå Elisabeth Hjellbrekke (rådgivar ved studieavdelinga).

Bergen, 9. desember 2022.

2. INNSPELSRUNDEN

2.1 Generelt om innspelsrunden

Bakgrunnen for [innspelsrunden](#) var at prosjektgruppa ønskte eit breiare og meir detaljert kunnskapsgrunnlag for val av modell for lektorutdanninga. Nemninga «innspel» indikerte at prosessen framleis var utprøvande. Samtidig baserte prosjektgruppa seg på ein premiss om at fordelinga av praksisdagar og profesjonsemne var gitt, ut frå tidlegare arbeid i redesign-prosjektet. Det innspelsrunden primært handla om, var såleis fordeling av disiplinfag og emne med frie studiepoeng. Det må likevel presiserast at respondentane òg vart bedne om å gi innspel på fordeling av praksisdagar og profesjonsemne.

Det var ønske om innspel frå eit breitt utval av miljø som var involverte i lektorutdanninga: studentane i lektorutdanninga, programleiinga på lektorprogramma, fakultet, institutt, dei ulike involverte fagmiljøa, studieadministrativt tilsette og ulike organ tilknytt lektorutdanninga. Rapporten vart også delt med dei største skuleeigarane vi samarbeider med i lektorutdanninga, Vestland fylkeskommune og Bergen kommune, og delt spesifikt med universitetsskulane. Det vart laga ei digital løysing for innlevering av innspel (via skjema-verktøyet *skjemaker*) som ein òg kunne finne lenkje for på heimesidene til lektorsenteret. På same tid var det mogleg å sende svar som vedlegg. Det viste seg at nokre svar var blitt sendt gjennom Ephorte-systemet.

Det var organisert eit digitalt allmøte om innspelsrunden 25. oktober og lektorsenteret bidrog på eit møte om redesignarbeidet hos FIL. Det har blitt opplyst og sendt påminningar om innspelsrunden i fredagsbrev frå leiaren i lektorsenteret og gjennom brev i Ephorte til einingane.

Etter at innspela var komne inn, har lektorsenteret gjennomgått og kategorisert svara, og det er gjort ulike avklaringar gjennom telefonsamtalar og e-post-utveksling med ulike respondentar og prosjektgruppedlemmer. Innspela frå dei ulike respondentane er lagt ut på Teams-sida for prosjektgruppa. Alle medlemene i prosjektgruppa har tilgang til svara.

I innspelsrunden vart respondentane bedne om å svare på ei rad konkrete spørsmål som var formulerte i *Rapport 1*. Oversikta viser at det kom inn 25 svar. Desse svara kom frå disiplinfagmiljø, fagdidaktiske og pedagogiske miljø, lektorutdanningsutval, instituttleiingar, fakultetsleiingar, fagutvalet for lektorstudentane, skular, einskildstudentar og einskildtilsette både ved UiB og i skuleverket. Tabellen nedanfor viser kven som har sendt inn svar, og kva for spørsmål desse respondentane har svara på.

Sendar	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19	20	21	And re kom .	
Student																							X
Student		X								X		X											
Student	X																						X
Vitskapleg tilsett Torodd Kinn	X			X	X		X	X	X	X	X	X	X	X	X	X				X	X	X	X
Ytrebygda skole	X	X																					
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap (AHKR)	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X
Kollegiet ved Institutt for pedagogikk	X	X	X						X											X			
Fagmiljø i nordisk språk	X					X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X			X
Fagmiljø i nordisk fagdidaktikk		X							X				X						X				
Institutt for politikk og forvaltning			X			X	X	X	X	X										X	X	X	
Administrativ tilsett	X	X	X						X		X		X	X	X	X							
Lektorutdannings- utvalet MN		X	X						X				X		X	X	X						X
Matematisk institutt		X							X														X
Institutt for filosofi og første-semesterstudiar									X														

Fagmiljø i nordisk litteratur	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	
Det humanistiske fakultet	X	X	X	X			X		X	X	X		X	X	X	X			
Leiargruppa ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium	X	X	X		X		X	X	X	X			X		X	X	X		
Institutt for framandspråk	X	X	X	X	X		X	X	X	X		X	X		X	X	X		X
Nordahl Grieg vidaregåande skule	X	X	X						X			X							
Institutt for Biovitskap		X	X						X						X		X		X
Sosiologisk institutt	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X		
Tranevågen ungdomskule																			X
Fagutvalet for Integrert Lektorutdanning (FIL)		X							X	X			X	X	X				
SV-fakultetet																			X

Fig. Oversikt over svar i innspelsrunden.

Tilbakemeldingane som kom gjennom innspelsrunden har litt ulike perspektiv: Disiplinfaglege miljø legg generelt vekt på disiplinfagsinteressene, profesjonsfaglege miljø legg vekt på profesjonsfag og praksis, skulane legg vekt på praksis, medan fakultet og institutt i større grad ser på heilskapen.

2.2 Svar på spørsmåla i innspelsrunden

Vi skal her gå nærmare inn på svara som respondentane gir på dei ulike spørsmåla. Nokre av spørsmåla rører ved fleire av dei same problemstillingane (t.d. spørsmål 1 og 20) og fleire respondentar har svara felles på dei spørsmåla. Såleis vil ein del spørsmål bli handsama under eitt (jf. underoverskriftene). I tillegg til å presentere innspel, blir det her òg gjort nokre samanfattingar med tanke på nytteverdien for redesignarbeidet.

Generelt om modellane

Spørsmål 1. I kva grad vil dei ulike utkasta til modell for lektorutdanninga bidra til å nå det overordna målet for redesignprosessen?

Spørsmål 20. Kva for modellutkast vil vere best? Korleis kan modellutkastet eventuelt gjerast endå betre?

Hovudintrykket frå innspelsrunden at begge framlegg til modell for MN vil fungere bra, og at dei uansett representerer ei forbetring i høve til den eksisterande modellen. For MN har det kome nokre merknader om utfordringar som gjeld tilhøvet mellom lektortilpassa emne og fagdidaktikkemne. Dels dreier det seg om faglege omsyn og dels dreier det seg om ressursar. Det er vidare presisert at ein ønskjer samkøyring av PPU og 5LU, og modellane stengjer ikkje for det.

I Rapport 1 (2022) er det gjort nokre forenklingar i framstillinga av MN-modellar – nemninga «disiplinfag» blir brukt, og ikkje nemningar som «fag I» og «fag II» slik det blir gjort for HF/SV-modellane. Det gjer at modellane for MN for utanforståande kan framstå som mindre krevjande. Det bør poengterast at det også ved MN er kombinasjonar av emne som gjer at timeplanen kan bli utfordrande, og ein skal ikkje undervurdere dette aspektet. Samtidig er det generelle inntrykket at alle modellane ved MN er gjennomførbare. Her kan det spele ei rolle at den generelle strukturen ved MN med 10-studiepoengsmodell for emna er meir vennleg overfor lektorprogramma enn ein modell med 15 studiepoeng som norm.

For HF og SV er det ulike tilbakemeldingar om kva for modell som passar best. Det er òg fleire respondentar som er usikre. Merknadene frå nordisk litteratur er i så måte treffande: «Modellenes generalitetsnivå gjør det vanskelig å si hvilken av dem som vil være best.» Dette illustrerer òg kompleksiteten i lektorutdanninga. Når ein gjer justeringar ved eitt element, får det konsekvensar for andre element. Å ha oversikt over alle konsekvensane, er ikkje lett. Som vi skal kome nærmare inn på seinare i rapporten, er det aspekt ved emnekollisjonar som respondentane ikkje hadde tilstrekkelege føresetnader for å tileigne seg.

Ei grov og tentativ oppsummering av innspela som gjeld modellval for HF/SV kan framstillast slik:

- Modell 1 for HF/SV: Støtta av Sosiologisk institutt, Det samfunnsvitskaplege fakultet, Institutt for framandspråk og Institutt for politikk og forvaltning; i tillegg støttar Iped denne.
 - Modell 2 for HF/SV: Støtta av Iped. I følgje IF er dette eit alternativ (men negativt med brot i fagleg progresjon i 4. og 6. semester i fag II).
-

- Modell 3 for HF/SV: Ingen går inn for denne. SV-fakultetet peikar på at dette er den modellen som legg best til rette for studentane, men pga. dublering av undervisning vil modellen vere upraktisk og ressurskrevjande.

- Modell 4 for HF/SV: Nordisk litteratur meiner at denne er minst dårleg. Nest best alternativ for Sosiologisk institutt. Institutt for politikk og forvaltning meiner at denne har størst kollisjonsproblem.

- Modell 1 for MN: Støtta av AHKR.

- Modell 2 for MN: Støtta av Torodd Kinn som utgangspunkt. Nordisk språk opnar òg indirekte for MN-modellane.

Elimineringsmetoden tilseier at for HF/SV er alternativ 3 lite ønskt. Alternativ 2 har nokre tilhengjarar, men får òg kritikk av andre. Det som framstår som mest aktuelt å bruke som utgangspunkt for det vidare arbeidet i prosjektgruppa er følgjande alternativ:

- *Alternativ 1*

- *Alternativa for MN*

- *Alternativ 4*

Det kjem samtidig kritiske merknader om logistiske utfordringar ved alternativ 1 og alternativ 4, noko òg *Rapport 1* peikar på. Vi kjem tilbake til modellane seinare i teksten (i del 4).

Praksisperiodar i studieløpet

Ei hovudoppgåve ved redesignprosjektet var å få ei betre innplassering av praksis og at praksisavviklinga følgjer det same mønsteret ved alle fakultet. Prosjektgruppa har løyst dette ved å fordele praksis på fire semester: 1., 3., 5. og 8. semester. Prinsippet er dessutan at det skal vere profesjonsemne i dei semestera det er praksis, og at det skal vere ingen profesjonsemne i dei semestera det ikkje er praksis. I tillegg er det framlegg om ti kampusdagar med praksis. På dette grunnlaget blir det stilt følgjande spørsmål:

Spørsmål 2. I kva vil denne fordelinga av praksisdagar kunne gi eit betre innplassering av praksis?

I innspelsrunden er dei aller fleste positive til å gå frå fem til fire praksisperiodar. Det blir òg framheva som positivt at praksisperiodane får ein lik struktur, på tvers av fakultet og program. Også talet på praksisdagar i dei ulike periodane er det generelt støtte for.

Det blir peikt på av ein del respondentar at 10 dagar praksis i første semester kan vere litt mykje. Lektorutdanningsutvalet ved MN påpeikar samtidig at lik lengde på kortpraksisperiodane har ein verdi i kommunikasjonen med skulane, og at det samla sett er ein fordel.

Nordahl Grieg vgs. peikar på at studentane i første semester vil vere tett på alderen til elevane i vidaregåande, og at det derfor kan vere ein fordel med praksis i ungdomsskulen i første semester. Det vil òg vere i samsvar med dagens ordning (der kortpraksisperioden i tredje semester òg blir i vgs.).

I fleire innspel blir det peikt på behovet for å unngå kollisjonar mellom praksis og emneundervisning ved UiB, uansett kva slags modell ein endar opp med. Det gjeld både ved kortpraksis og langpraksis. Derfor er det generell støtte for å ha profesjonsemne når det er langpraksis.

Den generelle tilbakemeldinga er at framlegg til fordeling av praksis og profesjonsemne som prosjektgruppa har gått inn for, representerer ei tydeleg forbetring. Dette er tilbakemeldinga frå fakultetsleiinga ved HF, instituttleiingane ved Institutt for framandspråk, LLE, AHKR, Sosiologisk institutt, frå lektorutdanningsutvalet ved MN, fagmiljøet i nordisk fagdidaktikk, Institutt for biovitenskap. Matematisk institutt gir derimot uttrykk for skepsis med ti dagar kortpraksis i første semester. Fagmiljøet i nordisk litteratur gir uttrykk for skepsis for praksis i første semester, og viser til UiO sin modell som potensielt betre. Frå skular kjem det innspel om meir praksis i dei siste semestera.

Institutt for pedagogikk støttar overgangen frå fem til fire praksisperiodar, og ønskjer samtidig at ein praksisperiode var lengre enn 35 dagar, helst 40 dagar. Lengre praksisperiode er òg ønskt frå skular.

I innspelsrunden har det kome nokre spesifikke merknader til framlegget om ti dagar kampusbasert praksis.

Lektorutdanningsutvalet ved MN støttar framlegget og ser det som eit høve til å ta opp problemstillingar som studentane vil møte i skulen, men ikkje nødvendigvis i praksisopp-læringa. Lektorutdanningutvalet har idéar til korleis dette skal gjennomførast, og poengterer at dei kampusbaserte dagane skal vere *praksis* og ikkje utvida fagdidaktikk eller pedagogikk.

Instituttleiinga ved LLE støttar prinsippet om kampusbaserte dagar og peikar på at det gir rom for fleksibilitet.

Sosiologisk institutt ønskjer òg at nokre kampusbaserte praksisdagar i 9. og 10. semester, og påpeikar behovet for å unngå slike dagar i semester med utanlandsopphald. Fagmiljøet i nordisk fagdidaktikk ser det som positivt med kampusbaserte praksisdagar tidleg i semesteret for å unngå kollisjonar med andre aktivitetar.

Iped markerer seg tydeleg med motstand mot ideen om kampusbaserte praksisdagar. Det blir vist til at slike dagar ofte blir fylt med innhald som ikkje er praksis, men det generelle synet frå Iped er at praksis er best i skulen, og at dei kampusbaserte dagane må flyttast til praksis i skulen. Iped meiner vidare at kampusbasert praksis ikkje er i samsvar med intensjonane i rammeplanen. I tillegg peikar Iped på ein del potensielle problem ved at dei eventuelle kampusdagane ikkje er blitt plassert i studieplanen. (Desse momenta blir kommenterte nedanfor.)

Profesjonsemne i studieløpet

Prosjektgruppa føreslår at fagdidaktikk og pedagogikk held fram som eigne emne, og at dei blir fordelt på følgjande måte:

Semester	Profesjonsemne for MN	Profesjonsemne for HF og SV	Praksisdagar for MN, HF og SV
8. sem (vår)	• 10 stp. pedagogikk • 20 stp. fagdidaktikk	• 10 stp. pedagogikk • 10 stp. fagdidaktikk (fag I)	35 dagar
5. sem (haust)	• 10 stp. pedagogikk • 10 stp. fagdidaktikk/lektortilpassa emne	• 10 stp. pedagogikk • 10 stp. fagdidaktikk (fag II)	35 dagar
3. sem (haust)	• 10 stp. fagdidaktikk/lektortilpassa emne	• 10 stp. fagdidaktikk (fag I)	10 dagar
1. sem (haust)	• 10 stp. pedagogikk	• 10 stp. pedagogikk	10 dagar

På bakgrunn av denne fordelinga stiller prosjektgruppa følgjande spørsmål:

Spørsmål 3. I kva grad vil framlegg til fordeling av profesjonsemne (pedagogikk og fagdidaktikk) bidra til å styrkje samanhengen mellom fagdidaktikk, pedagogikk, praksis og disiplinlag?

Fleire respondentar peikar på at dei støttar at pedagogikk og fagdidaktikk skal vere eigne emne, og at desse emne skal leggjast til semester med praksis. Andre peikar på at å styrkje samanhengen mellom profesjonsemne, praksis og disiplinlag må gjerast gjennom andre grep enn struktur. Det er såleis vanskeleg for dei å sjå at modellframlegget i seg sjølv vil styrkje samanhengen.

Iped meiner at det å ikkje ha pedagogikk og fagdidaktikk i kortpraksissemester vil føre til mindre møtestader mellom profesjonsemna. Samtidig kan ein på den måte unngå overlappingar og få eit skarpere fagleg fokus.

Spørsmål 4. Korleis stiller fagmiljøa ved HF og SV seg til å ha ei tilsvarande fordeling av profesjonsemne/lektortilpassa emne som ved MN?

HF meiner at ei slik fordeling er positiv, nordisk litteratur peikar på at i så tilfelle vil modellalternativ 2 for MN vere best. AHKR peikar på behovet for tydelege og åtskilte profesjonsemne, medan IF viser til "eit nesten umogleg puslespel når administrasjonen skal lage timeplan".

Fordelinga av disiplinlaglege emne

Eit prinsipp ved måten lektorutdanninga er lagt opp ved UiB, er at lektorstudentane skal følgje disiplinlagundervisning i program som primært er tilrettelagt for studentar på andre program, samtidig som ein skal ha praksis og profesjonsemne undervegs i studieløpet. Lektorutdanninga har dermed eit krevjande kombinasjonsløp der ein skal ta omsyn til ei rad faktorar: studieløpet skal vere i tråd med krav i nasjonal rammeplan, den skal følgje god fagleg

progresjon, ein skal unngå kollisjonar mellom emne og mellom praksisopplæring og kampus-undervisning, ein skal unngå dublering av undervisning etc.

Spørsmål 5: Korleis kan dei ulike utkasta til fordeling av disiplinfagemne i studieløpet bidra til å nå dei overordna måla med redesignprosessen?

Respondentane viser til at det er vanskeleg å svare på dette meir generelle spørsmålet fordi det er fleire premisser som dei enno ikkje har oversikt over. LLE peikar på at dersom ulike disiplinfag skal kombinerast i det same semesteret, må ein vere open for å drøfte avgrensing av faglege kombinasjonsmoglegheiter. Sosiologisk institutt støttar modell 1, medan AHKR peikar på MN-modell som farbar. IF meiner at den faglege progresjonen blir broten med to ulike disiplinfag i same semester, og at det er problematisk for språkfag. (På den andre sida støttar IF kombinasjon av fag I og fag II i svar på spørsmål 7.)

Spørsmål 6: Korleis kan ein ved HF/SV eventuelt setje saman lektortilpassa emne på 10 studiepoeng (som samtidig er opne for studentar utanfor lektorprogramma)?

Disiplinfagmiljøa er opptekne av ressursmessige sider ved dette spørsmålet. Sosiologisk institutt har nokre konkrete løysingar.

Høyringsspørsmål 7: Korleis kan ein gå fram for å takle disiplinfagemne i fag I og fag II i same semester?

IF, Sosiologisk institutt og Institutt for politikk og forvaltning meiner at dette skal kunne la seg løyse. HF, AHKR, nordisk språk og litteratur og Torodd Kinn meiner at dette blir problematisk pga. vanskar med timeplanlegginga.

Høyringsspørsmål 8: Korleis kan ein gå fram for å unngå dublering av disiplinfagemne?

Sosiologisk institutt, Institutt for politikk og forvaltning og IF viser til modell 1 i *Rapport 1*, AHKR og Torodd Kinn viser til MN-modell. Nordisk språk meiner at dublering er lettare å handtere på 200- og 300-nivå enn på 100-nivå. Nordisk litteratur meiner at ein skal unngå å leggje fag 1 og fag 2 til same semester.

Plassering av ex.phil. i femte semester

Fleirtalet i prosjektgruppa føreslår å flytte ex.phil. til femte semester (frå 6. semester for MN og frå 1. semester for HF/SV). Motivasjonen er at ex.phil. på denne måte blir fagleg og organisatorisk tilrettelagt for lektorstudentar i eit langpraksissemester, og ein viser til heilskaplege omsyn.

Høyringsspørsmål 9: Kva er fordelane og ulempene ved å plassere ex.phil. i femte semester for lektorutdanninga, ut frå modellutkasta?

I innspelsrunden er det støtte for å flytte ex.phil. til femte semester ved MN sine institutt, ved Sosiologisk institutt og ved Iped. Også FIL er positiv og viser til at ein kan få kollisjonsfritt langpraksissemester og at studentane kjem tidlegare inn i faga. Ved IF har tyskmiljøet uttrykt seg positivt til flytting, dei andre gir ikkje uttrykk for synspunkt på dette spørsmålet i innspelsrunden. Ved HF er fleire institutt opptekne av at plasseringa av ex.phil. må sjåast i ein heilskap, det gjeld LLE og AHKR. Som Iped er desse institutta opptekne av at innhaldet og forma må tilpassast lektorutdanninga for at dette skal vere nyttig. Nordisk språk er skeptisk til å omplassere ex.phil. frå første semester, primært pga. ønsket om å ha flest mogleg disiplinifagemne seinare i studieløpet. Samtidig meiner nordisk språk at verken ex.phil. eller ex.fac. er nødvendige delar av lektorutdanninga. Nordisk litteratur er prinsipielt imot å flytte ex.phil. fordi ein meiner det vil svekkje universitetstilhøyrsla og tradisjonen. Miljøet er samtidig ope for at flytting av ex.phil. kan vere eit nødvendig vonde av omsyn til heilskapen.

HF-fakultetet skriv at fakultetet si *prinsipale* haldning er at ex.phil. skal vere i første semester, og viser til innspel frå FOF. HF peikar på økonomiske kostnader, og at ein ikkje ser fordelar for programma å plassere ex.phil. i femte i staden for første semester. Fakultetet meiner vidare at det blir meir komplisert timeplanlegging dersom ein legg ex.phil. til femte semester.

Dei sterkast innvendingane imot flytting av ex.phil. kjem frå Institutt for filosofi og førstesemesterstiar, FOF, som forvaltar ex.phil. Instituttet viser for det første til økonomien ved at FOF får eit inntektstap i den overgangsperioden der det ikkje kjem studentar til ex.phil. frå lektorprogramma. Det dreier seg om to år (frå 1. til 5. semester), som i følge FOF sine tal vil bety fire millionar kroner i tapte inntekter. Deretter blir det, slik FOF ser det, eit inntektstap på grunn av forventna fråfall dei første åra vil gi lågare studentkull seinare i studiet. FOF peikar dessutan på at det vil vere kostnader ved å leggje til rette ex.phil. for lektorstudentar. Det blir vidare peikt på det FOF opplever som fagleg uheldige sider ved meir komprimert undervisningsperiode. FOF kjem dessutan med innvendingar om at det er fagleg uheldig reint prinsipielt å ha ex.phil. i femte semester, bl.a. ved at ein ikkje får ei fakultetsspesifikk innretning på ex.phil. FOF er vidare misnøgd med prosessen og meiner ein burde vere representert i prosjektgruppa.

Spørsmålet om plassering av ex.phil. blir kommentert seinare i rapporten.

Førstesemesteremne

Prosjektgruppa kjem med framlegg om å innføre innføringemne i fag I og fag II i førstesemesteret for lektorstudentar ved HF/SV.

Høyringsspørsmål 13: Bør det for HF/SV vere innføringsemne i fag I og fag II i førstesemester?

Høyringsspørsmål 14: I kva grad vil disiplinifaglege innføringsemne gi nødvendige førkunnskapar for å gjennomføre lektorutdanninga?

Nokre av innspela til desse spørsmåla skuldast truleg at rapporten ikkje var klar nok på å definere «innføringsemne». Grunnlaget for spørsmålet var at prosjektgruppa såg verdien av at

studentane møtte disiplin faget alt i første semester, og at emna/kursa i første semester såleis kan ha eit introduksjonspreg. Spørsmålet kunne likevel gjerne vore om ein ville ha disiplin faglege emne i første semester, slik òg Torodd Kinn går inn for i sine merknader. Det må poengerast at såkalla «innføringsemne» uansett vil telje med som del av fag I eller fag II. I følgje rammeplan for lektorutdanning har alle emne i fag I og fag II like høg verdi innanfor sitt nivå. Dei reglane som gjeld for statusen til studiepoeng ved ex.fac. ved HF gjeld altså ikkje for lektorutdanninga. Vi skal altså ikkje forstå innføringsemne som ex.fac.-emne, men som emne på lågare nivå som har eit introduksjonspreg fordi dei gir ein inngang til studiet.

LLE peikar på at innføringsemne i både fag I og fag II kan gi ein god inngang til studiet. Også AHKR, IF, Sosiologisk institutt og FIL støttar innføringsemne i fag I og fag II. Nordisk litteratur er ope for disiplin faglege emne frå det noverande 100-nivået i første semester.

Nordisk språk meiner at dersom ex.phil. skal flyttast til femte semester, vil ein tilrå å starte med 100-nivå undervisning i disiplin faget i første semester og ikkje andre semesteret.

HF-fakultetet meiner at to innføringsemne i første semester vil gi komplisert logistikk og behov for dublering av emne. Sidan HF si *prinsipale* haldning er at ex.phil. skal vere i første semester, er det difor ikkje plass til to disiplin fagemne første semester. I staden opnar ein for at eit eventuelt innføringsemne i fag II kan leggjast til tredje semester, slik at det same disiplin fagemnet kan takast av studentar i 1. og 3. semester. HF meiner elles at det er opp til dei disiplin faglege programma å vurdere spørsmål nr. 14.

Vi noterer oss at det er ingen som har kommentert om ein ønskjer *språkkunnskap*-emnet som i dag fungerer som obligatorisk ex.fac.-emne for lektorprogramma i nordisk og framandspråk. Tidlegare har dei språkfaglege miljøa ønskt at studentar i språkfag skulle ha generelle forkunnskapar i språk, men verken fagmiljøa eller emneeigaren, FOF, har merknader til dette no.

Frie studiepoeng

Prosjektgruppa føreslår at det for MN blir brukt 10 frie studiepoeng på eit lektortilpassa emne. Gruppa opnar samtidig gjennom modellutkasta for at eit slikt emne kan vere aktuelt òg for HF/SV, primært i 8. semester, bl.a. for å unngå kollisjonar mellom praksis og undervisning på kampus.

Høyringsspørsmål 15: I kva grad og på kva måte kan eit slikt lektortilpassa emne, basert på frie studiepoeng, vere aktuelt for lektorprogramma ved HF/SV i 8. semester?

Det er ikkje mange som svarar på spørsmålet. Disiplin fagmiljø viser til ressurs situasjonen.

Masteroppgåve

Høyringsspørsmål 16: Kor stort omfang bør masteroppgåva ha?

Høyringsspørsmål 17: Korleis kan behovet for brei innføring i metode, teori og prosjektutvikling bli teken vare på med ei masteroppgåve på 60 studiepoeng?

Høyringsspørsmål 18: Bør omfanget av masteroppgåva gjerast valfri for studentane? Korleis kan ein eventuell valfridom handterast?

I innspelsrunden er det fleste fagmiljø som ønskjer å behalde omfanget av masteroppgåvene slik dei er i dag – 30 studiepoeng på MN og 60 studiepoeng på HF/SV. Nordisk litteratur og FIL opnar for at det skal vere ein valfri variant på 30 studiepoeng. Dei andre respondentane som kommenterer dette, går derimot imot valfridom, fordi det vil vere vanskeleg å handtere. Når det gjeld spørsmål 17, har respondentane eit motsett inntrykk av prosjektgruppa, nemleg at behovet for metode, teori og prosjektutvikling er teke godt nok vare på i dag.

Prosjektgruppa ser dei fagpolitiske grunnane for å halde på 60 studiepoengs-masteroppgåve ved HF og SV som høgst legitime. Det må då samtidig poengterast at det får konsekvensar i form av færre disiplinfaglege emne.

Utanlandsopphald

Spørsmål 19: I kva for semester vil det vere best å leggje til rette for at studentane kan reise på utveksling, ut frå dei ulike modellutkasta?

Det er fleire som legg vekt på ønsket om utanlandsopphald, medan det er ulike syn på når det eventuelt vil passe. Det blir peikt på frå fagmiljø ved HF at det er meir problematisk med utveksling i starten av studiet enn seinare i studiet, medan Sosiologisk institutt har eit motsett syn. Prosjektgruppa vil såleis sjå dette spørsmålet i samanheng med kva for modell ein til slutt vel. I tillegg vil gruppa meine at i dei ulike modellane vil vere betre grunnlag for utanlandsopphald i sjetten semester enn kva tilfellet er i dag.

2.3 Nokre spesifikke spørsmål

I dei ulike svara frå respondentane kjem det synspunkt på ein del underliggjande spørsmål som er sentrale for kva for modell ein skal velje. Vi skal her gå gjennom nokre av desse spørsmåla, og kome med nokre tilleggsmerknader og synspunkt som er relevante for den vidare handsaminga av sakene.

Parallelløp: Fag I og fag II i same semester

Bakgrunnen for at prosjektgruppa gjennom fleire modellframlegg opnar for å ha fag I og fag II i same semester, er todelt. For det første ønskjer ein å unngå dublering av undervisning, dvs. at undervisning som skal bli gitt i eit haustsemester må bli gitt i eit vårsemester. (Dette heng saman med innplassering av praksis og profesjonsemne.) For det andre ønskjer ein å gi ei tilstrekkeleg fagleg grunnlag i både fag I og fag II før første langpraksisperiode.

Ganske mange av respondentane er kritiske til at fag I og fag II blir kombinerte i det same semesteret. Det blir peikt på mogleg fagleg uheldige sider ved det, men dei fleste peikar på logistiske problem, og at emnekombinasjonar kan føre til emnekollisjonar. Dette aspektet var påpeikt òg i *Rapport 1*, der det vart vist til kollisjonsmatriser med over 20 ulike kombinasjonsmoglegheiter, og at det ville vere vanskeleg å få til i praksis.

Problematikken blir utdjupa i eit eige punkt nedanfor, 2.4.

Det må presiserast at prosjektgruppa ser det som uråd å unngå parallelløp i eitt spesifikt semester, nemleg 6. semesteret, men at ein med BA-oppgåve på 10 studiepoeng i fag II vil kunne få til eit samla opplegg som gjer ein i stand til å handtere dette.

Dublering av undervisning

Det er generelt liten vilje i fagmiljøa og ved institutta til dublering av undervisning, dvs. at disiplin-faglege emne som blir gitt t.d. i haustsemesteret også skal bli gitt i vårsemesteret (eller omvendt), for å passe inn i lektorløpet. Det er eit mål å unngå dette, primært pga. dei økonomiske konsekvensane, særleg for dei mindre faga med få studentar, men òg av faglege grunnar.

Målet om å unngå dublering dannar grunnlag for at det i fleire modellframlegg i *Rapport I* kjem framlegg om å ha fag I og fag II i same semester (t.d. i 1. og 3. semester). Bakgrunnen for å gjere det er følgjande: Dersom ein i lektorløpet har emne i fag I i 2. og 3. semester (i tillegg til profesjonsfag) og emne i fag II i 4. semester, står det igjen behov for 30 studiepoeng i fag II (for å nå kravet om 60 studiepoeng). Det påfølgjande semesteret etter 4. semester, 5. semesteret, er avsett til første langpraksisperiode, dvs. ein kan ikkje ta dei resterande 30 studiepoenga i fag II det semesteret, men må vente til 6. semester. Problemet med å ta fag II-emne i 6. semester er at det er eit vårsemester, og dei resterande fag II-emna som lektorstudentane manglar, er dei som vanlegvis blir undervist i på haustsemesteret. I så tilfellet må fag II gi lektorstudentane gi emne på 100-nivå om våren som ein vanlegvis ikkje har om våren, og det betyr truleg dublering av undervisning, med dei økonomiske og faglege konsekvensane det har.

Slik prosjektgruppa ser det, er det for dei fleste modellane (med unntak av MN-modellen) ikkje mogleg å unngå dublering utan å ha emne i fag I og fag II i same semester. Tilsvarende er det ut frå desse modellutkasta, ikkje mogleg å unngå to ulike fag i same semester utan dublering av undervisning.

Emne på 10 studiepoeng

Fleire respondentar er kritiske til framlegget om disiplin-fagemne på 10 studiepoeng for lektorutdanninga, primært på grunn av kostnader. Det må samtidig kommenterast at det i dag faktisk *eksisterer* emne på 10 studiepoeng for lektorstudentane. Det kan samtidig sjå ut til at desse emna ikkje er godt nok tilrettelagt for lektorstudentane, jf. vurderingane i *Rapport I*. I rapporten [Arbeidsgruppe – struktur og økonomi i lektorutdanninga frå det såkalla](#) Sejersted-utvalet føreslår ein at det i eit visst omfang bør kunne innførast emne på 10 studiepoeng (som også er opne for andre programfagstudentar). Ei rad rapportar tyder på at samla sett fungerer dagens L-emne ikkje etter intensjonane, og at det er behov for ei endring. Desse endringane vil ein måtte gå inn på etter at modellen er vedteken.

Prosjektgruppa sitt syn er at det ikkje er mogleg å unngå emne på 10 studiepoeng, og at faglege tilpassingar vil måtte skje etter at modellen er på plass.

Skiljet mellom lågare nivå og høgare nivå

I innspelsrunden har det skriftleg og munnleg kome nokre spørsmål om kva for emne som skal vere på 100-nivå og 200-nivå. Desse spørsmåla gir ikkje særleg relevans for lektorutdanninga, fordi den ikkje har 200-nivå på same måte som disiplin-fag og gir heller ikkje BA-grad. I lektorutdanninga blir det skilt mellom lågare og høgare nivå (jf. rammeplanen) og ein har praksis og profesjonsemne som gjer at ein må vurdere lektorprogramma på ein annan

måte enn disiplinprogram. Det er difor ikkje eit poeng å skilje ut 200-nivået. Progresjonen går over tid, men 200 er ikkje ein relevant målestokk for lektorprogramma.

Kampusdagar med praksis

Det kan vere behov for å kome med merknader om dei 10 kampusdagane som prosjektgruppa foreslår, både når det gjeld legitimt grunnlag, innhald og plassering.

Rammeplanen for lektorutdanning for 8–13 seier noko om omfanget og fordelinga av praksis, og at praksis skal vere rettleidd, vurdert og variert. Derimot seier ikkje rammeplanen noko om innhaldet i praksis. I [nasjonale retningslinjer](#) blir det poengtert at innhaldet i praksis skal bestå av dei aktivitetane som inngår i arbeidsdagen til ein lærar:

Praksisopplæringa skal bestå av de aktiviteter som inngår i en lærers arbeidsplanfestede dag og inkluderer undervisning, forberedelse, vurderingsarbeid, elevsamtaler, foreldresamarbeid, møte- og samarbeidstid samt tid til faglig utviklingsarbeid. I tillegg inngår veiledning som en sentral del av praksisopplæringa. Det skal legges til rette for at studentene får observere andre lærere og medstudenter og at de får anledning til å reflektere over egen og andres undervisningspraksis og elevers læring.

Arbeidsdagen til ein lærar er, slik dei nasjonale retningslinjene påpeikar, samansett og er ikkje berre knytt til det som skjer på skulen. Dette har også vore tilbakemeldinga frå Kunnskapsdepartementet til UiB under lærarstreiken hausten 2022. Difor er det ved fleire lærarutdanningsinstitusjonar, både internasjonalt og nasjonalt, innført eit omfang med kampusbasert praksis. Ved UiO har ein i 9. semester 15 dagar praksis der fem dagar er analyspraksis på kampus og 10 dagar er forskingspraksis. I tillegg har ein i 3. og 6. semester mikro-undervisningskurs på kampus og temadagar i 6. semester. Erfaringane med analysepraksis ved UiO er diskuterte i Inga Staal Jensen og Marte Blikstad Balas sin artikkel «Ny praksisform i lærerutdanninga» i [Acta Didactica Norden](#) (2021). Her blir det argumentert for at nettopp kombinasjonen av kampusbasert og skulebasert praksis bidreg til å styrkje den samla praksisopplæringa. I grunnskulelærerutdanninga var det tidlegare ikkje uvanleg å ha praksisformer som innebar t.d. museumsarbeid, men det vart innskjerpa med den nye rammeplanen for GLU som er meir restriktiv enn den som gjeld for lektorutdanning 8–13 (jf. personleg korrespondanse med prof. Elaine Munthe, Uis).

Det er samtidig ikkje noko nytt at UiB har kampusbaserte praksisdagar. Vi har i dag temaseminar som vil inngå i dei ti kampusbaserte dagane. I tillegg har vi forarbeid og etterarbeid til kortpraksis som inngår i kortpraksisdagane. Også ved UiB har vi per i dag kampusbasert praksis, men vi har kanskje ikkje tydeleggjort dette godt nok.

Samtidig som vi poengterer relevansen av kampusbasert praksis, er det eit godt og viktig prinsipp at mesteparten av praksis skal vere ved skulane, og at det som er av kampusbasert praksis blir *praksis* og ikkje utvida pedagogikk- eller fagdidaktikkundervisning. Difor må kampusbasert praksis også finansierast gjennom praksisbudsjettet.

Detaljane i dette vil det vere naturleg å gå nærmare inn på i neste semester, etter at modellen er ferdiggjort. Som Iped er inne på, er det viktig å planlegge plasseringa av kampusdagane i matrisen for lektorutdanninga. Samtidig er det ikkje urimeleg at det skjer først når modellen er på plass.

Plassering av ex.phil. i studieløpet

Prosjektgruppa tilrår ein modell som inneber at ex.phil. blir plassert i femte semester for alle lektorprogram, og at ex.phil. blir tilpassa lektorstudentane (jf. del 4). Dette inneber ei marginal endring for lektorprogrammet ved MN, som i dag har ex.phil. i sjette semester, men ei større endring for lektorprogrammet ved HF og SV som i dag har ex.phil. i første semester.

Prosjektgruppa har merka seg innspel frå FOF om at ein ønskjer å halde på ex.phil. i første semester for lektorstudentane ved HF og SV. Desse innspela har FOF og ex.phil.-fagmiljøet fått høve til å framføre i fleire samanhengar våren og hausten 2022, bl.a. gjennom seminar og møte, og er referert til tidlegare i rapporten. Prosjektgruppa har forståing for at FOF oppfatar ei endring her som uheldig. Samtidig må gruppa først og fremst tenkje på kva som er best for heilskapen i lektorutdanninga.

Prosjektgruppa har i den siste fasen fått innspel om at HF-leiinga og universitetsleiinga har meir prinsipielle og ikkje berre prinsipale motforestillingar mot at ex.phil. ikkje blir plassert i første semester for lektorprogramma ved HF og SV. Desse motforestillingane tek prosjektgruppa alvorleg. Vi ønskjer at redesignprosjektet skal ha ei så solid forankring som mogleg, og har som i *Rapport 1* difor også skissert alternativ der ex.phil. blir plassert i første semester for lektorstudentane ved HF- og SV-fakultetet. Det kjem til uttrykk i del 4 der ulike modellframlegg blir presentert og diskutert. Når prosjektgruppa likevel har landa på at ein ikkje vil tilrå innplassering av ex.phil. i første semester, er det fordi dei modellane som inkluderer ei slik innplasseringa, ser ut til å føre med seg fleire problem (jf. drøfting av modellane i del 4). I den samanhengen er det på sin plass med nokre utfyllande kommentarar i tillegg til som kjem fram i del 4.

Den første kommentaren handlar om innpassinga av emne i lektorutdanninga. Studieløpet i lektorutdanninga er komplisert – det er utan tvil det mest kompliserte av alle studieprogram ved UiB. Det kan jamførast med eit avansert puslespel der alle brikker må passe inn for at puslespelet skal gå opp. Her spelar plasseringa av ex.phil. ei rolle, slik alle andre emne gjer det. Det er ikkje tilfeldig at i lektorutdanninga ved t.d. Universitetet i Oslo, NTNU, UiA og Universitetet i Tromsø er ex.phil. plassert seinare i studieløpet enn førstesemesteret. Argumentasjonen er at ein ikkje ville ha fått lektorprogrammet til å gå opp elles.

Prosjektgruppa vil samtidig påpeike at det òg er faglege vurderingar som gir støtte for å plassere ex.phil. seinare i studieløpet, dersom ein først bestemmer seg for det. Studentane vil då kunne bruke ex.phil. til å gi filosofiske perspektiv på fag, fagkompetanse og profesjon som så studentane kan bruke på ein kritisk og analytisk måte i ulike samanhengar. Det gir eit anna læringsutbytte enn kva tilfellet vil vere med ex.phil. i første semester.

Dersom ein plasserer ex.phil. i femte semester for alle lektorstudentar, må ex.phil. bli tilrettelagt for lektorstudentane, bl.a. pga. langpraksis. Ei slik tilrettelegging vil samsvare med den generelle tendensen og profilen for ex.phil. ved UiB dei siste åra, nemleg ei fakultets-spesifikk tilnærming. Alt på 1990-talet vart ex.phil. delvis fakultetsspesifikk ved at vitskapsfilosofi-delen vart retta mot fagspesifikke problemstillingar. Frå 2002 har den fakultetsspesifikke seminarmodellen vore den generelle. Ideen er framleis at ex.phil. skal bidra til ein felles akademisk kultur, men at fagfelt eller profesjon (t.d. jus, medisn) spelar ei rolle. Ein fordel ved ei slik ordning er at studentane vil kunne få eit sterkare grunnlag for å

reflektere over ontologiske og epistemologiske problem ved fag, fordi dei faktisk har studert dei.

Sidan UiB for fleire tiår sidan gjekk vekk frå den universalistiske tilnæringsmåten med ideen om ex.phil. som *felles* for alle, og har fått fakultetsspesifikk ex.phil., er det vanskeleg å sjå at ei flytting av ex.phil. for lektorstudentane vil bryte med overordna mål for ex.phil. slik desse er formulert i dag. Prosjektgruppa har ikkje notert at UiB no ønskjer å gjeninnføre ein felles ex.phil. for alle fakultet og program.

Prosjektgruppa kan heller ikkje sjå at det er planar om å innføre krav om at dei fakulteta ved UiB som faktisk har flytta ex.phil. til seinare i studieløpet, skal flytte ex.phil. tilbake til første semester. Det gjeld i så fall Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, Det psykologiske fakultet og Det juridiske fakultet. Det vil vere problematisk om det skal gjelde særlege restriksjonar for lektorutdanninga, ikkje minst sidan lektorutdanninga er den mest kompliserte utdanninga ved UiB, og at plasseringa av kvart element har så store implikasjonar for heilskapen.

Det må påpeikast at slik ex.phil. fungerer ved ulike norske universitet i dag, er det *unn-taket* at ex.phil. er plassert i første semester. Dei fleste har ex.phil. seinare i studieløpet, og det gjeld òg det eldste universitetet i landet.

Prosjektgruppa er merksam på at det vil vere økonomiske problem for FOF ved ei eventuell flytting av ex.phil. Det må vere ein føresetnad at det blir kompensert for dei kostnadene som ligg i overgangsfasen der det ikkje kjem studentar til ex.phil. frå lektorprogramma. Samtidig vil gruppa påpeike at det også vil vere økonomiske og ressursmessige aspekt ved å ikkje flytte ex.phil., t.d. dublering av emne, oppretting av nye emne og manglande symmetri for fag I og fag II (jf. del 4 i denne rapporten). Dei økonomiske aspekta ligg likevel utanfor prosjektgruppa sitt ansvarsområde.

2.3 Kollisjonsmatriser

Generelt

For å vurdere realismen og suksesspotensialet til ulike modellar for lektorutdanning, må ein sikre seg at det ikkje oppstår kollisjonar mellom praksis og emneundervisning, og heller ikkje kollisjonar mellom undervisning i ulike emne. Ein reiskap for å sikre dette er å utvikle såkalla kollisjonsmatriser, dvs. lister over grupper av emne som ikkje må kollidere fordi dei skal kunne takast samtidig med andre emne av den same gruppa av studentar.

Utgangspunkt for kollisjonsmatrisene er at studentane gjennom programma sine vil få eit omfang av moglege emnekombinasjonar per semester. Dei emna som dei ulike studentane skal ta i løpet av eit semester, kan ikkje ha kolliderande undervisning og vurdering, og difor blir dei ulike emna lagt inn ei kollisjonsmatrise.

I ei kollisjonsmatrise må emna nokre gongar vere kollisjonsfrie mot alle andre emne. I andre samanhengar, der emne inngår i fleire studieprogram, er det nok at eitt eller fleire emne

er kollisjonsfrie mot ei gruppe av andre emne samtidig som dei sistnemnde emna kan kollidere med kvarandre i gruppa.

Ein faktor i denne samanhengen er kor mange program som inngår og som skal sikrast. Ein annan faktor er om emna skal brukast i fleire semester for ulike kull. Døme på det er at fagdidaktikk i fag 1 og fag 2 skal t.d. brukast for studentar i ulike kull, og det skaper ekstra kontrollbehov.

Også tidsfaktoren er vesentleg. Ein må sjå på undervisningsbolkar fordelt på tidsbolkar. Ei undervisningsveke med jamn fordeling av undervisninga mellom kl. 8–16 har totalt 20 undervisningsbolkar på 2x45 minutt, dvs. til saman 40 timar. Dersom ein har 20 emne med ein undervisningsbolk (2 timar) per veke, kan ein leggje ein kollisjonsfri timeplan for desse. Mange emne på 100-nivået har minimum to undervisningsbolkar per veke, mange har fleire. Smertegrensa for kor mange emne ein klarer å kollisjonssikre i eit semester for kvar student er, slik timeplanleggjarane ser det, truleg under 10 emne. Undervisningsbolkar på tre timar vil leggje beslag på to undervisningsbolkar, og bør såleis unngåast dersom det er knapt med tid.

Dersom eit emne har tilleggsinndeling i seminargrupper (slik fleire emne har, t.d. pedagogikk), må talet på emne bli lågare dersom ein skal leggje kollisjonsfri timeplan, i alle fall dersom studentane blir fordelte tilfeldig i gruppene. Dersom ein inndeler studentane etter program eller studieretning kan ein timeplanleggje på gruppenivå i TP.

Organiseringa av undervisninga spelar ei rolle. Blokkundervisning vil oppta store delar av vekene der det er blokk, men frigi tid der det ikkje er blokk. Det vil vere nødvendig i lektorutdanningen i semester der det er langpraksis.

Det er som del av redesignprosjektet gjort ei kartlegging av kollisjonsmatriser basert på timeplandata i timeplanleggingsystemet til UiB (TP) frå 2021. Denne kartlegginga ser på kva for konkrete emne i fag I, fag II, fagdidaktikk, pedagogikk og ex.phil./ex.fac. som inngår, og omfanget av undervisning på kvart emne. I vedlegget vil det vere ei oversikt over kollisjonsmatrisene. I resonnementet bak modellane som blir presenterte i del 4, har kollisjonsmatrisene spela ei viktig rolle.

Vurderingar

Resonnementet knytt til kollisjonsmatrisene har resultert i følgjande vurderingar i samband med redesignarbeidet:

- Dersom det inngår meir enn 20 undervisningsbolkar per veke i ei kollisjonsmatrise, er det ikkje mogleg å timeplanleggje utan kollisjonar. Det må ein såleis unngå. I praksis ser det ut til at 10 emne er det høgste talet ein kan ha i ei kollisjonsmatrise, med føresetnad om at desse har to undervisningsbolkar på to timar, og at det ikkje er andre føringer som avgrensar tidsbruken. I og med at dei fleste emne inngår i fleire matriser og at ein del emne på 100-nivå har meir enn to undervisningsbolkar i uken, vil det vere rimeleg at den handterbare grensa for kollisjonssikring vanlegvis vil vere mellom 5 og 10 emne.
 - Emne som blir gjenbrukte i fleire studieløp (program) eller i fleire semester av same studieløp, slik tilfellet er med lektorutdanninga, får meir kompliserte kollisjonsmatriser
-

enn emne som berre blir tilbodne i eitt studieløp. Å opprette egne emne for lektorstudentar vil såleis gi større fleksibilitet i planlegging av studieløpet. Det krev på den andre sida ei eiga undervisningsrekke for lektorstudentene, som igjen har ei ressursmessig side.

- Dersom det inngår store emne der studentane blir delte inn i seminargrupper, må ein ta omsyn til det. Ein måte er å dele studentar inn etter studieretning og leggje kollisjonsmatrise på gruppenivå. Det er særleg aktuelt på ex.phil.og pedagogikk-emne, men òg at det er egne seminargrupper for lektorstudenter på store disiplinemner som HIS101, m.fl.
 - Ein måte å minske problem med kollisjonar er å ha manuell gjennomgang av studentkull når ein driv timeplanlegging, både internt mot andre emne og mot praksis. Då kan ein luke ut fagkombinasjonar som ingen har valt og la vere å leggje kollisjonsmatrise for desse. Eit problem er at det i så fall krev svært gode og oppdaterte utdanningsplanar som tek høgde for permisjonar eller forsinkingar, endringer i val av fag II etc. Det er også ressurskrevjande med en manuell gjennomgang. og ein må ha svært spesifisert kompetanse for å få det godt til. Det er såleis potensielt mange feilkjelder.
 - Det finst andre tiltak som ein kan ha for å unngå kollisjonar:
 - avgrense fagkombinasjonar, dvs. kva for fag I og fag II som kan veljast av studentane. UiO har heilt tydelege krav om kva for kombinasjonar som er moglege
 - kollisjonssikre for eit utval av *tilrådde* fagkombinasjonar (jf. NTNU). Det betyr at ein ikkje garanterer for at visse fagkombinasjonar er kollisjonssikre. Det vil likevel truleg bety problem i neste omgang, fordi studentar vil finne ein slik situasjon utifredsstillande
 - avgrense omfanget av undervisning på det enkelte emnet
 - leggje undervisning utanom normaltida, i praksis 16–18, for å unngå kollisjoner
 - for emne med mange/flere seminargrupper kan ein ha egne grupper for lektorstudentane og kollisjonssikre på gruppenivå. Da unngår ein å kollisjonssikre alle grupper mot andre emne
 - tillate at undervisning kolliderer og tilretteleggje med video-opptak eller anna undervisningsmateriell for studentar som får kollisjonar
 - for semester som kombinerer fag I og fag II kan ein ha manuell gjennomgang av studentkulla og luke bort fagkombinasjonar som ikkje er valde av nokon. Det krev samtidig svært god koordinering og rutiner for timeplanlegging. Det vil vere krevjande ved utskifting av administrasjon og når det er mange som er involverte i timeplanlegging. I semester der alle kollisjonar er valde, vil det uansett ikkje ha nokon effekt
 - undervisningsrekkejer som ikke kan timeplanleggjast i TP pga. omfattende kollisjonsmatriser, må plasserast manuelt av ein timeplanleggjar der det er mogleg å finne tidspunkt innimellom. Det vil kunne gi undervisning på ulike tider og i ulike lokale gjennom semesteret
-

Det generelle resonnementet for prosjektgruppa er at for å skape ein lektorutdanningsmodell som er berekraftig over tid, er det ein føresetnad at modellen er så kollisjonssikker som det er mogleg å få til.

3. MODELL FOR PRAKSIS OG PROFESJONSFAG

3.1 Innplassering av praksis

I mandatet for redesignprosjektet står innplassering av praksis i fokus: Det skal skje ei betre innplassering av praksis, praksisavviklinga ved dei ulike fakulteta skal følgje det same mønsteret, talet på praksisvariantar skal bli redusert og ein ønskjer eit profesjonsfagleg semester. I tillegg skal redesignprosessen bidra til å fremje integrasjon mellom praksis og andre element ved utdanninga.

Ut frå dette mandatet ser prosjektgruppa det som logisk å ta utgangspunkt i korleis praksis blir innplassert når ein skal utgreie og føreslå ny modell for lektorutdanninga. Praksis er det elementet som fungerer som berande konstruksjonar i lektorutdanninga. Innplasseringa av praksis har ei rad implikasjonar, og det er nødvendig å ha desse implikasjonane klarlagt så tidleg som mogleg.

Innplassering av praksis er knytt til ei rad rammevilkår. For det første er det i følgje rammeplan for lektorutdanning krav om at praksisopplæringa skal ha eit omfang på minst 100 dagar, at desse dagane skal vere fordelt over minst fire av fem studieår, og at praksis skal ha spesifikke kvalitetar – det skal vere progresjon i praksisperiodane og praksisopplæringa skal vere rettleidd, variert og vurdert. I tillegg skal studentane skal ha praksis både i ungdomsskulen og den vidaregåande skulen. Internt ved UiB er det viktig å sjå praksissemester i samanheng med praksisgjennomføringa ved PPU, både for å få sambruk og for å unngå unødvendig press på praksisplassane. Det betyr at det må vere ei fordeling med ein langpraksisperiode om hausten og ein periode om våren.

I dagens modell har UiB følgjande innplassering av praksis i lektorutdanninga, med variasjonar mellom HF/SV og MN:

	Kortpraksis	Kortpraksis	Kortpraksis	Langpraksis	Langpraksis
Semester	1	3	5	7	8
Haut/vår	H	H	H	H	V
HF/SV	12 dagar	8 dagar	12 dagar	28 dagar	40 dagar
MN	7 dagar	7 dagar	7 dagar	49 dagar (8 kampus- dagar)	30 dagar
Tematisk fokus	Skulen og lærarrolla i praksis	Læringsprosessar	Planlegging og evaluering av undervisning	Første langpraksisperiode (+ temaseminar for MN)	Andre langpraksisperiode

Vi har her fem praksisperiodar der dei tre første utgjer kortpraksis, medan dei to siste utgjer langpraksis. Det er ein tiltenkt progresjon, og utviklinga i tematisk fokus i dei ulike praksisperiodane er ein del av den tiltenkte progresjonen.

Dersom vi samanliknar UiB sine praksisperiodar med praksisperiodar ved andre lektorutdanningar i Noreg, får vi oppstillinga som i figuren nedanfor. I radene til venstre står institusjonsnamn, i kolonnene står det oppstilt kor mange praksisdagar det er i dei ulike semestera (frå 1. til 10.).

	1.	2.	3.	4.	5.	6.	7.	8.	9.	10.
UiB eksisterande*	7/12		7/8		7/12		49/28	30/40		
UiB nytt framlegg (+10 kampusb.)	10		10		35			35		
NTNU	10		15		35			40		
UiO			15			25	45		15	
UiT	10			10	35			40	5	
UiA	10	10	10	10	30			30		
NMBU	5	10	10--	->	15--	->	30	30		
MF	5	10		15	10		30	30		
Høgsk. Innlandet		20	20			20		20	20	
Nord universitet*	10/1	10	15	15/20	15	20	15	15/30		
UiS	10		10	10	35			35		
UiSør-aust-N.	5	15	5	15	15	15	15	15		

Fig. Oversikt over praksisdagar per semester ved lektorutdanningar ved ulike universitet og høgskular.

*Ulike program ved desse universiteta har ulik praksisavvikling.

I tråd med mandatet ønskjer prosjektgruppa færre praksisperiodar, både for å skape konsentrasjon og for å minske kollisjonsfaren. Ønsket byggjer òg på ei tydeleg tilråding frå praksisutvalet (sak 03/22). Prosjektgruppa går inn for fire ordinære praksisperiodar.

I fordelinga av praksisperiodar vil prosjektgruppa halde på ordninga med kortpraksis og langpraksis, meir spesifikt gjennom to kortpraksisperiodar først i studiet og to lengre praksisperiodar noko seinare i studiet. For langpraksis vil gruppa følgje det eksisterande opplegget med ein praksisperiode i ungdomsskulen og ein praksisperiode i vidaregåande

skule. I dag er langpraksisperiodane i 7. og 8. semester, men den fordelinga kan ein ikkje halde på, pga. rammeplankravet om praksis i minst fire av fem år. Sidan ein er avhengig av å ha den første langpraksisperioden om hausten og den andre om våren, peikar 5. og 8. semester seg ut som langpraksissemester. Det er dessutan fleire fordelar ved langpraksis tidlegare enn kva tilfellet er i dag, også med tanke på skikkavurdering og vurdering av praksisgjennomføring.

Etter ei samla vurdering har prosjektgruppa gått inn for følgjande fordeling av praksisdagar, både for kortpraksis og langpraksis, felles for MN, HF og SV:

	Kortpraksis	Kortpraksis	Langpraksis	Langpraksis
Semester	1. sem.	3. sem.	5. sem.	8. sem.
H/V	H	H	H	V
Dagar	10 dagar	10 dagar	35 dagar	35 dagar

Fig. Oversikt over fordeling av kortpraksis og langpraksis.

I tillegg går prosjektgruppa inn for 10 dagar *kampusbasert praksis*, slik at ein samla sett får 100 dagar praksis. Det blir foreslått at dei kampusbaserte dagane kan plasserast i 2., 4. og 6. semester, t.d. i starten av semestera. Slike dagar kan òg fungere som fagleg-sosiale møtestader for lektorstudentane undervegs i studiet. Detaljane når det gjeld innhald og tidspunkt i desse kampusbaserte praksisdagane, vil prosjektgruppa arbeide vidare med våren 2023, dvs. etter at modellen er vedteken.

3.2 Innplassering av profesjonsemne

Prosjektgruppa vil halde på prinsippet om at det skal vere at skal vere profesjonsfag i semester med praksis, og at alle semester med praksis skal ha profesjonfag. Prosjektgruppa vil vidare unngå små profesjonsemne på fem studiepoeng, og ha profesjonsemne på 10 studiepoeng.

Semester	Profesjonsemne for MN	Profesjonsemne for HF og SV	Praksisdagar for MN, HF og SV
8. sem (vår)	<ul style="list-style-type: none"> • 10 stp. pedagogikk • 20 stp. fagdidaktikk 	<ul style="list-style-type: none"> • 10 stp. pedagogikk • 10 stp. fagdidaktikk (fag I) 	35 dagar
5. sem (haust)	<ul style="list-style-type: none"> • 10 stp. pedagogikk • 10 stp. fagdidaktikk 	<ul style="list-style-type: none"> • 10 stp. pedagogikk • 10 stp. fagdidaktikk (fag II) 	35 dagar
3. sem (haust)	<ul style="list-style-type: none"> • 10 stp. fagdidaktikk 	<ul style="list-style-type: none"> • 10 stp. fagdidaktikk (fag I) 	10 dagar
1. sem (haust)	<ul style="list-style-type: none"> • 10 stp. pedagogikk 	<ul style="list-style-type: none"> • 10 stp. pedagogikk 	10 dagar

Framlegg til ny modell for lektorutdanning. I tillegg til praksisdagane som er opplista her, kjem kampusbaserte praksisdagar (10 dagar) t.d. i starten av 2., 4. og 6. semester.

Skilnadene mellom MN og HF/SV går ut på at MN har til saman 40 studiepoeng fagdidaktikk, medan HF/SV her har 30 studiepoeng. Ved MN har ein ikkje det sterke skiljet mellom fag I og fag II i fagdidaktikk, og difor er ikkje det spesifisert i figuren ovanfor.

Prosjektgruppa føreset (jf. drøftingar i pkt. 2.2 i *Rapport 1*) at det i fagdidaktikkemna for HF/SV i 5. og 6. semester blir obligatoriske innslag for fagdidaktikk i det andre faget for studentane. Detaljane i det vil det vere naturleg at prosjektgruppa går nærmare inn på i løpet av vårsemesteret 2023.

4. MODELLAR



4.1 MN-fakultetet

Som nemnt ovanfor er det relativt brei støtte ved MN om at ein ny modell for lektorprogrammet ved MN er ønskeleg, og at framlegga til ny modell vil representere ei klar forbetring i høve til den eksisterande modellen. Dei to langpraksissemestera vil vere praksis-tilpassa når det gjeld undervisning. Difor skal ein kunne unngå kollisjonar mellom undervisning på emne og praksis.

I innspelsrunden opererte MN med to ulike modellutkast. Etter interne rundar heller MN mot at ein ikkje vil ha såkalla lektortilpassa emne, men heller 40 studiepoeng med fagdidaktikk. Det betyr at ein i hovudsak har felles profesjonsfagfordeling som HF/SV, men 10 studiepoeng meir fagdidaktikk i 8. semester. Samla sett representerer dette ikkje noka endring frå den noverande modellen der ein òg har 40 studiepoeng fagdidaktikk.

På dette grunnlaget endar ein med følgjande modell (sjå neste side):

Program/ studieretning					
Lektorprogram for naturvitenskap og matematikk					
Semester	Emne (tal på studiepoeng)				Praksis (tal på dagar)
5. studieår					
10. semester (V)	Master- oppgåve (30)				
9. semester (H)	Disiplinfag (30)				
4. studieår					
8. semester (V)		Fagdidaktikk (10)	Fagdidaktikk (10)	Pedagogikk (10)	35
7. semester (H)	Disiplinfag (30)				
3. studieår					
6. semester (V)	Disiplinfag (30)				
5. semester (H)		Ex.phil. (10)	Fagdidaktikk (10)	Pedagogikk (10)	35
2. studieår					
4. semester (V)	Disiplinfag (30)				
3. semester (H)	Disiplinfag (20)		Fagdidaktikk (10)		10
1. studieår					
2. semester (V)	Disiplinfag (30)				
1. semester (H)	Disiplinfag (20)			Pedagogikk (10)	10

4.2 HF/SV-fakultetet

Tilbakemeldingane frå HF-miljø og SV-miljø i innspelsrunden var positive til den generelle fordelinga av praksis og profesjonsemne.

Når det gjeld innplassering av disiplinfaglege emne, var tilbakemeldingane meir samansette. Her meldte det seg litt ulike syn som igjen kan knytast til ulike behov og ulike perspektiv. Dette har vi gått gjennom i del 2 i rapporten. Samla sett er det altså ikkje ei eintydig tilbakemelding frå HF/SV om val av modell.

På bakgrunn av dei tilbakemeldingane som har kome og dei vurderingane og bearbeidingane som prosjektgruppa har gjort, har prosjektgruppa kome fram til nokre modellar som vi finn det verdt å gå nærmare inn på, og som blir utdjupa på dei neste sidene.

Det er ein modell, *fellesmodellen* (modell A), som prosjektgruppa meiner vil representere ei tydeleg forbetring i høve til dagens lektorutdanningsmodell, og som svarar på det mandatet som ligg i redesignprosjektet og for prosjektgruppa. Denne modellen har færrest ulemper i høve til fordelane. Dei usikre momenta gjeld primært at ein føreslår progresjon frå haust til vår, i tillegg til det som gjeld flytting av ex.phil. Ut frå heilskapen meiner prosjektgruppa at fellesmodellen kan tilrådest.

Dei andre modellane vil, slik prosjektgruppa ser det, innebere såpass mange usikre umoment når det gjeld emnekollisjonar, praksiskollisjonar og tilpassingar at ein ut frå dagens kunnskap ikkje har grunnlag for å tilrå desse.

Parallellmodellen (modell B) inneber at det blir gitt parallelle emne i fag I og fag II i tre semester, og at ex.phil. blir plassert i femte semester. Motivasjonen er å unngå dublering av undervisning, og at ein får introduksjon til begge faga i første semester. Det siste aspekt gjer at ein tidleg må bestemme seg for fag II, og det gir tidleg informasjon om fagkombinasjonar. Ulempene er dei kollisjonane som vil kunne oppstå mellom emna i særleg første og tredje semester.

Det er to modellar som har som utgangspunkt at ex.phil. blir plassert i første semester.

Den eine av desse modellane, *ex.phil.-modell med parallelløp* (modell C), inneber at det er parallelløp med fag I og fag II i 3. og 6. semester, og at det blir emne i fag II i langpraksissemesteret i 5. semester. Motivasjonen er som for parallellmodellen å unngå dublering. Samtidig vil ein få faren for emnekollisjonar i tredje semester. Mest problematisk er det med disiplinemne i langpraksissemesteret som vil vidareføre problem ved den eksisterande modellen.

Den andre ex.phil.-modellen, *tilpassa ex.phil.-modell* (modell D), inneber at det blir innført eit lektortilpassa emne i femte semester som er mogleg å gjennomføre i eit langpraksissemester. Eit slikt emne har faglege og ressursmessige implikasjonar. I denne modellen vil ein unngå å kombinere fag I og fag II i dei første åra. Det vil samtidig seie at ein får eit noko lågare grunnlag i fag I før første langpraksis. Som med parallellmodellen vil ein følge progresjonen haust-vår på lågare nivå (i staden for vår-haust som i dag), men det vil pga. ex.phil. i første semester vere ei assymetri i strukturen for haustsemesteret for fag I (1. semester) og for fag II (3. semester). Den assymetrien har fleire problematiske aspekt.

Eventuelle andre modellar vil føresetje at fordelinga av praksissemester blir endra.

Modell A: Fellesmodellen for HF/SV

Program/ studieretning		HF/SV (MN-modellen)			
Semester	Emne (tal på studiepoeng)				Praksis (tal på dagar)
5. studieår					
10. semester (V)	Master- oppgåve (30)				
9. semester (H)	Master- oppgåve (30)				
4. studieår					
8. semester (V)		Lektortilpassa emne (10)	Fagdidaktikk (10)	Pedagogikk (10)	35
7. semester (H)	Fag I (30)				
3. studieår					
6. semester (V)	Fag I (20)	Fag II (10)			
5. semester (H)		Ex.phil. (10)	Fagdidaktikk (10)	Pedagogikk (10)	35
2. studieår					
4. semester (V)	Fag II (30)				
3. semester (H)	Fag II (20)		Fagdidaktikk (10)		10
1. studieår					
2. semester (V)	Fag I (30)				
1. semester (H)	Fag I (20)			Pedagogikk (10)	10

Modell A har fått nemninga *fellesmodellen* fordi den i stor grad er felles for alle fakulteta, ikkje berre for HF og SV, men òg MN ved at den byggjer på det som i *Rapport 1* er blitt kalla MN-modell 1 og 2. Slik prosjektgruppa ser det, representere fellesmodellen ei tydeleg forbetring i høve til dagens lektorutdanningsmodell. Det er lagt opp til å unngå kollisjonar i praksis og mellom emne, og til å ha ein fagleg progresjon som er føremålstenleg i høve til praksis.

Modellen inneber at det ikkje er emnekollisjonar mellom fag I og fag II i dei første åra. Det skjer ved at ein har fag I i første og andre semester (til saman 50 studiepoeng) og fag II i tredje og fjerde semester (til saman 50 studiepoeng). Dei første semestera med fag I og fag II er symmetriske. Det skaper eit enkelt og gjennomsiktig system for disiplinfaga og for studentane. I tillegg vil det då vere prinsipielt mogleg å skifte mellom fag I og fag II. Det er lagt opp til at ex.phil. i femte semester blir kollisjonssikra mot praksis. Det er mogleg når emnet er tilrettelagt for lektorstudentar.

Med masteroppgåvesemestera vil det med denne modellen vere seks semester som berre har disiplinfag, mot fire semester i dag. Prosjektgruppa føreset at kampusbasert praksis vil fungere som profesjonstreffpunkt i fleire av semestera, utan at det skal føre til kollisjonar.

Modellen føreset at ex.phil. blir plassert i femte semester. Det blir vist til grunngevingar for ei slik plassering til diskusjonen andre stader i rapporten. Dersom ein med utgangspunkt i denne modellen flyttar ex.phil. frå femte til første semester, vil ein få fleire implikasjonar som samla sett er problematiske, jf. modell D.

Modellen føreset vidare at ein startar disiplinfagundervisninga på lågare nivå (100-nivå) om hausten og ikkje om våren, slik tilfellet er i dagens modell. I så fall vil ein bryte med det eksisterande progresjonsmønsteret i disiplinfaga. Dette er endring som prosjektgruppa ser kan ha fleire implikasjonar. Det er ikkje heilt oversikteleg kor problematisk ei slik endring vil vere. Tilbakemeldingar tyder på at dette kan vere handterleg, men at ein samtidig ikkje har heilt oversikt over alle konsekvensar og framgangsmåte.

Å starte med disiplinfagemne om hausten i lektorutdanninga er framgangsmåten ved lektorprogramma ved t.d. UiO og NTNU. Skilnaden i høve til UiB er at ved NTNU og UiO er dette den generelle modellen for disiplinfagproblem ved universiteta, dvs. at ein der startar med disiplinfag om hausten (og ikkje våren som ved UiB) og at normalprogresjonen dermed går frå haust til vår. Fellesmodellen føreset dermed tilpassingar i måten disiplinfagemna ved HF/SV blir oppbygde på med tanke på progresjon.

Praktisk og fagleg meiner prosjektgruppa at fellesmodellen er den beste modellen ein kan tilrå, ut frå dei premissane som er lagt i fordelinga av praksissemester. Modellen svarar på det mandatet som ligg i redesignprosjektet og for prosjektgruppa, har færrest ulemper i høve til fordelane, og representerer ei klar forbetring av lektorutdanninga, slik prosjektgruppa ser det.

Modell B: Parallellmodellen

Program/ studieretning					
Semester	Emne (tal på studiepoeng)				Praksis (tal på dagar)
5. studieår					
10. semester (V)	Master- oppgåve (30)				
9. semester (H)	Master- oppgåve (30 eller 15)	Evt. master- oppgåve-kurs (0 eller 15)			
4. studieår					
8. semester (V)	Lektor-tilpassa emne(10)		Fagdidaktikk fag I (10)	Pedagogikk (10)	35
7. semester (H)	Fag I (30)				
3. studieår					
6. semester (V)	Fag I (20)	Fag II (10)			
5. semester (H)	Ex.phil. (10)		Fagdidaktikk fag II (10)	Pedagogikk (10)	35
2. studieår					
4. semester	Fag II (30)				
3. semester (H)	Fag I (10)	Fag II (10)	Fagdidaktikk fag I (10)		10
1. studieår					
2. semester (V)	Fag I (30)				
1. semester (H)	Fag I (10)	Fag II (10)		Pedagogikk (10)	10

Modell B, *parallellmodellen*, svarar i stor grad til alternativ 1 for HF/SV i *Rapport 1*. Denne modellen inneber at det blir gitt parallelle emne i fag I og fag II i tre semester: 1. semester, 3. semester og 5. semester. I tillegg er modellen karakterisert ved at ex.phil. blir plassert i femte semester.

Fordelane ved denne modellen, sett i høve til andre utfordringar, er for det første at ein unngår dublering av undervisning. Ei anna side, som òg kan vere ein fordel, er at ein får introduksjon til begge faga i første semester. Ved at studentane vel fag II alt første semester, har ein oversikt over fagval tidleg, og det kan gjere det lettare å planleggje for seinare semester.

Ulempene er dei kollisjonane som vil kunne oppstå mellom emna i særleg første og tredje semester. Her vil det vere nødvendig med sterk kontroll og styring, men det ser likevel ut til at faren for moglege kollisjonar er faretrugande høg. Det vil då òg vere utfordringar ved eksamensavvikling.

Det er vidare ein del faglege innvendingar imot å ha fag I og fag II i same semester, fordi ein ikkje får tilstrekkeleg fagleg fokus i eitt disiplin-fag.

I 8. semester er det i tillegg til 20 studiepoeng profesjonsfag spesifisert eit lektortilpassa emne på 10 studiepoeng. Det er opp til fagmiljøa korleis dette emnet skal leggjast opp. Det blir tilrådd at det vil fungere som førebuaende på arbeidet med masteroppgåve. Det er føreset at det skal vere kollisjonsfritt med praksis og at arbeidsomfanget blir noko avkorta pga. praksis. (Det same vil vere tilfellet for andre modellar.)

Det er særleg viktig at dei første semestera går føre seg på ein god måte, bl.a. for å unngå fråfall. Slik prosjektgruppa ser det, har parallellmodellen såpass mange usikre umoment når det gjeld emnekollisjonar at ein ut frå dagens kunnskap ikkje kan tilrå denne modellen.

Modell C: Ex.phil.-modell med parallelløp

Program/ studieretning					
Semester	Emne (tal på studiepoeng)				Praksis (tal på dager)
5. studieår					
10. semester	Master- oppgåve (30)				
9. semester	Master- oppgåve (30 eller 15)	Evt. master- oppgåve-kurs (0 eller 15)			
4. studieår					
8. semester	Lektortilpassa emne (10)		Fagdidaktikk fag I (10)	Pedagogikk (10)	35
7. semester	Fag I (30)				
3. studieår					
6. semester	Fag I (20)	Fag II (10)			
5. semester		Fag II (10) praksis- tilpassa eller lektortilpassa emne	Fagdidaktikk fag II (10)	Pedagogikk (10)	35
2. studieår					
4. semester		Fag II (30)			
3. semester	Fag I (10)	Fag II (10)	Fagdidaktikk fag I (10)		10
1. studieår					
2. semester	Fag I (30)				
1. semester	Fag I (10)	Ex.phil. (10)		Pedagogikk (10)	10

Modell C er blant dei to modellane der det blir teke utgangspunkt i at ex.phil. blir plassert i først semester. Sidan plasseringa av ex.phil. er hovudpremiss for modellen, blir den kalla *ex.phil.-modell med parallelløp*. Utgangspunktet er at det skal gjerast parallelløp med fag I og fag II i 3. og 6. semester, og at eit emne i fag II skal kome parallellt i langpraksissemesteret i 5. semester. Utgangspunktet for slik parallellføring er å unngå dublering av disiplinfaglege emne. Modellen svarar i stor grad til alternativ 4 for HF/SV i *Rapport 1*.

Parallelløpet gjer at ein vil få dei same kollisjonsmessige utfordringane som er for modell B i tredje semester. I tillegg vil ein få kollisjonsproblematikk med langpraksis i femte semester. I så tilfellet vil ein ikkje få ei forbetring i høve til den kollisjonsproblematikken som er i dagens modell, og som er utgangspunkt for heile redesignprosjektet. Det blir dessutan sett på som større fare med kollisjonar på lågare nivå enn på høgare nivå.

Det er særleg viktig at dei første semestera går føre seg på ein god måte, bl.a. for å unngå fråfall. Kollisjonsproblematikken i tredje og femte semester ser såpass alvorlege ut, at denne modellen ut frå dagens kunnskapsgrunnlag ikkje kan tilråast.

Modell D: Tilpassa ex.phil.-modell

Program/ studieretning					
Semester	Emne (tal på studiepoeng)				Praksis (tal på dagar)
5. studieår					
10. semester	Master- oppgåve (30)				
9. semester	Master- oppgåve (30 eller 15)	Evt. master- oppgåve-kurs (0 eller 15)			
4. studieår					
8. semester	Lektortilpassa emne 2 (10)		Fagdidaktikk fag I (10)	Pedagogikk (10)	35
7. semester	Fag I (30)				
3. studieår					
6. semester	Fag I (20)	Fag II (10)			
5. semester		Lektortilpassa emne 1 (10)	Fagdidaktikk fag II (10)	Pedagogikk (10)	35
2. studieår					
4. semester		Fag II (30)			
3. semester	Fag II (20)		Fagdidaktikk fag I (10)		10
1. studieår					
2. semester	Fag I (30)				
1. semester	Fag I (10)	Ex.phil. (10)		Pedagogikk (10)	10

Som tilfellet er med modell C er utgangspunktet i **modell D** at ex.phil. blir plassert i første semester, ikkje seinare i studieløpet. For å unngå dei emnekollisjonane som modell C impliserer, er det i modell D gjort nokre tilpassingar. Av desse grunnane har modellen fått nemninga *tilpassa ex.phil.-modell*.

Den eine tilpassinga i modell D er at emne i fag I og fag II blir undervist i kvar sine semester dei første semestera. Det skjer ved at ein har fag I i første og andre semester (til saman 40 studiepoeng) og fag II i tredje og fjerde semester (til saman 50 studiepoeng). Denne tilpassingsmåten har likskapar med modell A (fellesmodellen). Ulikskapen er at det blir 10 studiepoeng mindre i fag I, dvs. at ein innanfor eit disiplindefag kvar haust skal tilby og leggje til rette eit emne på 10 studiepoeng for lektorstudentar som har fag I, samtidig som dei skal tilby til saman 20 studiepoeng for lektorstudentar som har fag II. Det betyr at semestera med fag I og fag II blir asymmetriske for lektorstudentane. Det vil gjere emnestrukturen meir komplisert og mindre oversikteleg. Det blir dermed òg vanskelegare å skifte mellom fag I og fag II. Dei meirkostnadene som ligg i overgangen frå haust til vår-progresjon vil såleis ikkje ha tilsvarende effekt som ved modell 1. Studentane vil vidare ha 10 studiepoeng mindre i fag I første langpraksisperiode enn kva tilfellet er i modell A.

Den andre tilpassinga som ligg i modell D, er at det blir innført eit lektor-tilpassa emne i femte semester. Bakgrunnen for å opprette eit slikt emne, er at eit ordinært disiplindefag i femte semester vil bety kollisjonar med praksis, og det må ein unngå. Sidan det i dette langpraksissemesteret er lite realistisk å tenkje seg at kvart einaste disiplindefag skal tilby sitt eige kollisjonsfrie emne, vil det vere føremålstenleg med fellesemne på tvers av fleire lektorprogram ved HF og SV. Fellesemne kan leggjast opp på ulike måtar, t.d. eitt med spesialisering for språkfag/litteraturfag og eitt for kulturfag/samfunnsfag. Lektor-tilpassa emne vil gå av dei frie studiepoenga som institusjonen kan bruke i lektorutdanninga. Finansiering av emnet må avklarast i samarbeid mellom programeigarane.

Modell 4 vil slik prosjektgruppa ser det, ha ein del kostnader og ulemper. Prosjektgruppa ser på desse ulempene (særleg assymetrien) som såpass problematiske at ein er usikker på om dei forsvarar endring frå den noverande modellen. Såleis har ein ikkje grunnlag for å kunne tilrå denne modellen.

5. TILRÅDING

Prosjektgruppa tilrår at den fordelinga av praksisdagar og profesjonsemne som er føreslått i del 3 i denne rapporten, dannar utgangspunkt for ein ny studiemodell for lektorutdanninga ved UiB. Slik prosjektgruppa ser det, tilfredsstillar denne modellen dei føringane som er gitt i vedtak om redesignprosessen i styringsgruppa for lektorutdanning ved UiB 27. april 2021, og føringane i det mandatet som prosjektgruppa har arbeidd etter.

Prosjektgruppa tilrår framlegg til modell for lektorutdanninga ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, slik den er presentert i del 4 i denne rapporten.

Prosjektgruppa tilrår vidare at modell A frå del 4 i rapporten, *fellesmodellen*, dannar utgangspunkt for ei ny studiemodell for lektorutdanninga ved Det humanistiske fakultet og Det samfunnsvitskaplege fakultet.

Prosjektgruppa meiner at framlegg til ny fordelinga av praksisdagar og profesjonsemne, saman med framlegg til nye modellar for lektorutdanninga ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, Det humanistiske fakultet og Det samfunnsvitskaplege fakultet vil representere ei klar forbetring i høve til dei noverande modellane for lektorutdanning ved UiB.

Prosjektgruppa har vurdert nøye om ein kan få til ein modell der ex.phil. er plassert i første semester, men kan ikkje sjå grunnlag for å tilrå ein slik modell, ut frå dei grunnane som det er gjort greie for i rapporten.

Tilrådingane frå prosjektgruppa er samrøystes.

VEDLEGG: KOLLISJONSMATRISER

Modell A: Fellesmodellen

Modell A Fellesmodellen	Emner lektorstudenter skal kunne kombinere	Emner som må kollisjonssikres pga. andre programmer	Kollisjonssikring
Sem 1	Fag I (20 sp) Pedagogikk Kortpraksis (10 dager)		Fag I-emnene er her antagelig vanlige 100-nivåemner. Kollisjonssikringen blir da den samme som på BA-programmene, bare pluss PEDA og KOPRA. Dette er allerede ivaretatt. Hvis et av fag I-emnene derimot er førstesemesteremnene HIS100, ENG100, osv., må det kollisjonssikres mot EXPHIL-HFSEM, EXPHIL-SVSEM og EXFAC (Språkkunnskap og Akademisk skriving)
Vurdering: Uproblematisk så lenge fag I-emnene er vanlige 100-nivåemner.			
Sem 2	Fag I (30 sp)		Kollisjonssikringen blir den samme som på BA-programmene og løses der.
Vurdering: Uproblematisk			
Sem 3	Fag II (20 sp) Didaktikk (10) Kortpraksis (10 dager)		Emner i fag II kollisjonssikres allerede mot hverandre på BA-programmene. De to emnene som inngår i lektorprogrammet må i tillegg kollisjonssikres mot didaktikkemnene her. Mer krevende hvis det er samme didaktikkundervisning, men løsbart. Hvis didaktikkemnene i 3. semester er de samme som i 5. semester, må det kollisjonssikres også mot ex.phil. og PEDA. Siden exphil-emnet i 5. semester kun tas av lektorstudenter, skal dette fungere greit.

			<p>Kollisjonssikringen på PEDA bør gjøres på gruppenivå for å unngå for omfattende kollisjonsmatrise.</p> <p>Må være undervisnings- og vurderingsfritt de 10 dagene studentene har kortpraksis.</p>
<p>Vurdering:</p> <p>Fungerer uproblematisk hvis didaktikkemnene er ulike i 3. og 5. semester.</p> <p>Hvis didaktikkemnene er de samme i 3. og 5. semester, må man kollisjonssikre semestrene mot hverandre. Dette ligner 5. semester i dagens modell, bare at exphil kommer i tillegg. Exphil er her en egen lektor-variant slik at man unngår den store kollisjonsmatrisen mot emner i første semester.</p>			
Sem 4	Fag II (30)		<p>Kollisjonssikringen blir den samme som på BA-programmene og løses der.</p>
<p>Vurdering: Uproblematisk</p>			
Sem 5	Ex.phil. Didaktikk PEDA Langpraksis (35 dager)		<p>Siden exphil her kun tas av lektorstudenter (lektortilpasset exphil), er dette lett å tilpasse til praksisperioden, på samme måte som didaktikkemnene og pedagogikk.</p> <p>Kollisjonssikringen mellom emnene for øvrig er uproblematisk.</p> <p>Hvis didaktikkemnene i 5. og 3. semester er de samme emnene, må det kollisjonssikres mot fag II-emnene i tillegg.</p>
<p>Vurdering: Se kommentar i 3. semester.</p>			
Sem 6	Fag I (20 sp) Fag II (10 sp)		<p>Emnene i fag I er allerede kollisjonssikret i BA-programmet dersom begge emnene er enten på 100-nivå eller på 200-nivå. Dersom ett er 100-nivå og det andre 200-nivå, må det kollisjonssikres for dette, noe som vil være svært krevende for disiplin-fagene.</p> <p>Fag I må kollisjonssikres også mot fag II, noe som gir stor</p>

			<p>matrise. Nødvendig å gå gjennom hvilke fag I og fag II studentene kombinerer, for å kollisjonssikre bare det som er helt nødvendig. Dersom alle kombinasjoner er valgt på et kull, vil dette ikke gi effekt.</p> <p>En begrensning i mulig fagkombinasjoner av fag I og fag II vil være fornuftig/nødvendig.</p> <p>(se også kommentarer i modell 1 og 4)</p>
<p>Vurdering:</p> <p>Vil kunne fungere, men være krevende, på samme måte som semester 6 i dagens program, fordi man ofte kan kutte ut en eller to fagkombinasjoner i kollisjonssikringen.</p> <p>Viktig: dette forutsetter at emnene i fag I er på samme nivå (enten begge på 100-nivå eller begge på 200-nivå).</p>			
Sem 7	Fag I (30 sp)		Kollisjonssikringen blir den samme som på MA-programmene, og løses der.
<p>Vurdering: Uproblematisk</p>			
Sem 8	<p>Lektortilpassa emne (10 sp)</p> <p>Didaktikk (10 sp)</p> <p>PEDA (10 sp)</p> <p>Langpraksis (35 dager)</p>		Lektortilpasset emne vil sikre en enkel kollisjonsmatrise og at undervisning og vurdering kan planlegges uten kollisjoner med praksis.
<p>Vurdering:</p> <p>Lektortilpasset emne vil sikre at undervisning og vurdering kan planlegges uten kollisjoner med praksis.</p>			
Sem 9	Masteroppgave		
Sem 10	Masteroppgave		

Modell B: Parallellmodellen

Modell B Parallell- modellen	Emner lektorstudenter skal kunne kombinere	Emner som må kollisjonssikres pga. andre programmer	Kollisjonssikring
Sem 1	Fag I (10 sp) Fag II (10 sp) PED A (10 sp) Kortpraksis ENG100 FRAN100 HIS100 KOPRA101 NORD100 PED A120 RELV100 SOS100B SPLA100 TYS100	EXPHIL-HFSEM EXPHIL-SVSEM EXFAC00AS EXFAC00SK Mentorgrupper (ENG100: 2 exphil- grupper, 2 SK-grupper FRAN100: 1 exphil-gruppe, 1 SK-gruppe HIS100: 5 exphil-grupper, 5 AS-grupper NORD100: 1 exphil- gruppe, 1 SK-gruppe RELV100: 1 exphil-gruppe, 1 AS-gruppe SOS100B: SPLA100: 1 exphil-gruppe, 1 SK-gruppe TYS100: 1 exphil-gruppe, 1 SK-gruppe)	Alle emner i fag 1 og fag 2 pluss PED A må kollisjonssikres mot hverandre. Siden de også inngår i bachelorprogram, må de også kollisjonssikres mot ex.phil., exfac og mentorgrupper. Eks: HIS100 (1 forelesningsrekke, 1 seminarrekke) må kollisjonssikres mot følgende: ENG100 (1 forelesningsrekke, 1 seminarrekke, halvt semester) FRAN100 (2 forelesningsrekker, 1 kollokvierække) NORD100 (1 forelesningsrekke) PED A120 (1 forelesningsrekke, halvt semester, 1 seminarrekke) RELV100 (1 forelesningsrekke, 1 seminarrekke) SOS100B (1 forelesningsrekke, 1 seminarrekke) SPLA100 (1 forelesningsrekke, 1 seminarrekke) TYS100 (2 seminarrekker, 1 øvingsgrupperekke) EXPHIL-HFSEM (1 forelesningsrekke, 5 seminarrekker) EXFAC00AS (5 seminarrekker) + uvisst antall mentorgrupper = totalt 28 undervisningsrekker Må være undervisnings- og vurderingsfritt de 10 dagene studentene har kortpraksis.
Vurdering: For store fag er dette ikke gjennomførbart innen kjernetiden (8-16), dersom emnene har like mange aktiviteter som høsten 2021. For mindre fag er det trolig gjennomførbart, siden de har færre ex.phil./ex.fac-grupper å ta hensyn til.			
Sem 2	Fag I (30 sp)		Kollisjonssikringen er ivaretatt i BA-programmet.
Vurdering: uproblematisk			
Sem 3	Fag 1 (10 sp) Fag 2 (10 sp) Didaktikk fag 1 (10)	<u>ENG:</u> ENG107, ENG118, ENG119	Alle emner i fag 1 og fag 2 må kollisjonssikres mot hverandre, i tillegg til didaktikkemnene. Siden fag 1 og

Kommentar til tilbakemeldingen: Fristen for å kommentere Rapport 2 fra prosjektgruppen har vært svært kort og midt i semesterstart. Spansk har ikke hatt anledning til å møte for å diskutere rapporten og konsekvensene for faget. Denne tilbakemelding er utarbeidet av fagdidaktiker Xavier Llovet og fagkoordinator Kari Soriano Salkjelsvik. Redesignet av lektorprogrammet er en sak av høy kompleksitet, og vi tar forbehold om at detaljer i rapporten kan ha blitt oversett eller misforstått.

Oversikt over emner vi tilbyr på spansk:

Høstsemester	SPLA100 SPLA117, SPLA118, SPLA119 SPLA311, SPLA312, SPLA313
Vårsemester	SPLA106 SPLA107, SPLA108, SPLA109 SPLA207/257, SPLA208/258, SPLA209/259 SPLA314, SPLA315

Utvalget foreslår 3 nye modeller for lektorutdanning der disse emnene skal inngå:

- Modell A: Fellesmodellen for HF/SV
- Modell B: Parallellmodellen
- Modell C: Ex.phil-modell med parallelløp
- Modell D: Tilpassa ex.phil.-modell

Tilbakemelding på modellene i rapporten

Emnene vi tilbyr på spansk følger en faglig progresjon. Dvs. at man anbefaler sterk at studentene tar, for eksempel, SPLA107 (vår) før de tar SPLA117 (høst). Dette gjelder alle emnene i programmet vårt.

Felles for de foreslåtte modeller er at de krever at vi tilbyr flere emner enn det vi gjør i dag. For eksempel, det er planlagt i modellene at lektorstudenter som velger spansk som fag 1 skal ta spanskemner flere vårsemestre (2. og 6. i modell A, C og D; 2., 4., og 6. i modell B), noe som ville enten bryte den faglige progresjonen (studentene ville hoppe fra 100-nivå til 200-nivå uten å ha "fått med seg" det nødvendige innholdet i 100-nivået) eller kreve at vi tilbyr høst-emner også om våren. Med de arbeidsressursene vi har på spansk i dag, er det umulig for oss å tilby samme emne to semestre på rad.

Eksempel (med foreslått modell A) etter dagens progresjon:

3. studieår

2. studieår					
6. semester (V)	Fag I (20) SPLA117 (10) SPLA118 (10)	Fag II (10) SPLA257 (10)			
5. semester (H)		Ex.phil. (10)	Fagdidaktikk (10)	Pedagogikk (10)	
1. studieår					
4. semester (V)	Fag II (30) SPLA107 (10) SPLA108 (10) SPLA109 (10)				
3. semester (H)	Fag II (20) SPLA100 (10) + ? (10)		Fagdidaktikk (10)		
1. studieår					
2. semester (V)	Fag I (30) SPLA107 (10) SPLA108 (10) SPLA109 (10)				
1. semester (H)	Fag I (20) SPLA100 (10) + ? (10)			Pedagogikk	

Kommentert [XLV2]: BA oppgave (Fag II) krever denne progresjonen: SPLA107, SPLA108, SPLA109, SPLA117, SPLA118, SPLA257.

SPLA257 krever fullført SPLA117 og SPLA118 som tilbys om høsten. Progresjon avbrytes og fag II studentene kan ikke fullføre programmet med BA-oppgave.

Denne problematikken skjer i alle modellene.

Kommentert [XLV1]: Emnene kjøres om høsten, dvs. at denne kombinasjonen krever dublering av undervisning.

Kommentert [XLV3]: Vi mangler et emne på 10stp.

Etter å ha studert de fire modellene nøye, har vi kommet frem at Modell A er den som passer best til både vårt program og våre arbeidsressurser. Modellen vil kreve en omorganisering av alle emnene på spansk og at studentene ikke tar innføringsemnet SPLA100. Det viktigste blir at det akademiske innholdet i våre emner, spesielt på 100-nivå, blir redesignet slik at emnene blir så uavhengig som mulig; altså, at de kan tas i hvilken som helst rekkefølge. I tillegg må innholdet i SPLA106 økes fra 5stp til 10stp.

Eksempel (med foreslått modell A) etter ny progresjon:

5. studieår					
10. semester (V)	Masteroppgave (30)				
9. semester (H)	Masteroppgave (30)				
4. studieår					
8. semester (V)		Lektortilpassa emne (10) SPLA314 (10)	Fagdidaktikk (10)	Pedagogikk (10)	
7. semester (H)	Fag I (30)				

	SPLA311 (10) SPLA312(10) SPLA313 (10)				
3. studieår					
6. semester (V)	Fag I (20) SPLA207 (10) SPLA106 (10)	Fag II (10) SPLA257 (10)			
5. semester (H)		Ex.phil. (10)	Fagdidaktikk (10)	Pedagogikk (10)	
2. studieår					
4. semester (V)		Fag II (30) SPLA117 (10) SPLA118 (10) SPLA119 (10)			
3. semester (H)		Fag II (20) SPLA107 (10) og SPLA108 (10) eller SPLA109 (10)	Fagdidaktikk (10)		
1. studieår					
2. semester (V)	Fag I (30) SPLA117 (10) SPLA118 (10) SPLA119 (10)				
1. semester (H)	Fag I (20) SPLA107 (10) og SPLA108 (10) eller SPLA109 (10)			Pedagogikk (10)	

Kommentert [XLV4]: Nå har emnet 5stp.

Kommentert [XLV5]: Med dette forslaget hopper studentene over innføringsemne SPLA100

Når det er sagt, er det veldig viktig å påpeke at ressursituasjonen på spansk er prekær. For å kunne tilby spansk som både fag 1 og fag 2 trenger vi to nye ansettelses: 1 fagdidaktiker og 1 litteraturviter. Vårt faglige tilbud er kuttet til det ekstreme minimum, noe som blir spesielt synlig når vi må vurdere og forholde oss til slike omorganiseringer som den foreslåtte for lektorprogrammet.

Med vennlig hilsen,

Xavier Llovet
Kari Soriano Salkjelsvik

STATUS FOR 2022

BAHF-SPLA (startår/kull)	Aktive studenter
H 2017	0
H 2018	0
H 2019	2
H 2020	8
H 2021	7
H 2022	11
	28

MAHF-SPLA	Aktive studenter
H 2017	0
H 2018	0
H 2019	0
H 2020	5
V2021	1
H 2021	5
V 2022	2
H 2022	7
	20

BAHF-SPLA	
År	Kvalifikasjoner
V/H 2017	14
V/H 2018	8
V/H 2019	7
V/H 2020	11
V/H 2021	11
V/H 2022	6

MAHF-SPLA	
År	Kvalifikasjoner
V/H 2017	8
V/H 2018	3
V/H 2019	14
V/H 2020	6
V/H 2021	9
V/H 2022	8

KULL H2017

År termin	Antall_startende	Aktive	Kvalifikasjoner	Kvalifikasjoner_hittil	Frafall	Andel_aktive along År termin	Andel_kvalifikasjoner	Andel_frafall
2017 HØST	17	17	0	0	0	100,00%	0,00%	0,00%
2018 VÅR	17	14	0	0	3	82,35%	0,00%	17,65%
2018 HØST	17	11	0	0	6	64,71%	0,00%	35,29%
2019 VÅR	17	10	0	0	7	58,82%	0,00%	41,18%
2019 HØST	17	8	0	0	9	47,06%	0,00%	52,94%
2020 VÅR	17	7	2	2	10	41,18%	11,76%	58,82%
2020 HØST	17	5	2	4	9	29,41%	23,53%	52,94%
2021 VÅR	17	3	3	7	10	17,65%	41,18%	58,82%

KULL H2018

År termin	Antall_startende	Aktive	Kvalifikasjoner	Kvalifikasjoner_hittil	Frafall	Andel_aktive along År termin	Andel_kvalifikasjoner	Andel_frafall
2018 HØST	23	22	0	0	1	95,65%	0,00%	4,35%
2019 VÅR	23	19	1	1	4	82,61%	4,35%	17,39%
2019 HØST	23	9	0	1	13	39,13%	4,35%	56,52%
2020 VÅR	23	10	3	4	12	43,48%	17,39%	52,17%
2020 HØST	23	4	0	4	15	17,39%	17,39%	65,22%
2021 VÅR	23	3	3	7	16	13,04%	30,43%	69,57%

KULL H2019

År termin	Antall_startende	Aktive	Kvalifikasjoner	Kvalifikasjoner_hittil	Frafall	Andel_aktive along År termin	Andel_kvalifikasjoner	Andel_frafall
2019 HØST	14	14	0	0	0	100,00%	0,00%	0,00%
2020 VÅR	14	14	1	1	0	100,00%	7,14%	0,00%
2020 HØST	14	5	0	1	8	35,71%	7,14%	57,14%
2021 VÅR	14	3	1	2	9	21,43%	14,29%	64,29%
2021 HØST	14	3	0	2	9	21,43%	14,29%	64,29%
2022 VÅR	14	3	2	4	9	21,43%	28,57%	64,29%
2022 HØST	14	0	1	5	9	0,00%	35,71%	64,29%

KULL H2020

År termin	Antall_startende	Aktive	Kvalifikasjoner	Kvalifikasjoner_hittil	Frafall	Andel_aktive along År termin	Andel_kvalifikasjoner	Andel_frafall
2020 HØST	30	28	0	0	2	93,33%	0,00%	6,67%
2021 VÅR	30	23	0	0	7	76,67%	0,00%	23,33%
2021 HØST	30	7	1	1	23	23,33%	3,33%	76,67%
2022 VÅR	30	11	2	3	18	36,67%	10,00%	60,00%
2022 HØST	30	8	0	3	19	26,67%	10,00%	63,33%

KULL H2021

År termin	Antall_startende	Aktive	Kvalifikasjoner	Kvalifikasjoner_hittil	Frafall	Andel_aktive along År termin	Andel_kvalifikasjoner	Andel_frafall
2021 HØST	14	13	0	0	1	92,86%	0,00%	7,14%
2022 VÅR	14	11	0	0	3	78,57%	0,00%	21,43%
2022 HØST	14	4	0	0	10	28,57%	0,00%	71,43%

KULL H2022

År termin	Antall_startende	Aktive	Kvalifikasjoner	Kvalifikasjoner_hittil	Frafall	Andel_aktive along År termin	Andel_kvalifikasjoner	Andel_frafall
2022 HØST	12	12	0	0	0	100,00%	0,00%	0,00%

KULL H2018

År termin	Antall_startende	Aktive	Kvalifikasjoner	Kvalifikasjoner_hittil	Frafall	del_aktive along År terr	Andel_kvalifikasjoner	Andel_frafall
2018 HØST	6	6	0	0	0	100,00%	0,00%	0,00%
2019 VÅR	6	6	0	0	0	100,00%	0,00%	0,00%
2019 HØST	6	6	0	0	0	100,00%	0,00%	0,00%
2020 VÅR (normert)	6	6	2	2	0	100,00%	33,33%	0,00%
2020 HØST	6	4	0	2	0	66,67%	33,33%	0,00%
2021 VÅR	6	4	3	5	0	66,67%	83,33%	0,00%
2021 HØST	6	1	1	6	0	16,67%	100,00%	0,00%

KULL H2019

År termin	Antall_startende	Aktive	Kvalifikasjoner	Kvalifikasjoner_hittil	Frafall	del_aktive along År terr	Andel_kvalifikasjoner	Andel_frafall
2019 HØST	3	3	0	0	0	100,00%	0,00%	0,00%
2020 VÅR	3	3	0	0	0	100,00%	0,00%	0,00%
2020 HØST	3	3	0	0	0	100,00%	0,00%	0,00%
2021 VÅR (normert)	3	3	1	1	0	100,00%	33,33%	0,00%
2021 HØST	3	2	0	1	0	66,67%	33,33%	0,00%
2022 VÅR	3	2	2	3	0	66,67%	100,00%	0,00%

KULL H2020

År termin	Antall_startende	Aktive	Kvalifikasjoner	Kvalifikasjoner_hittil	Frafall	del_aktive along År terr	Andel_kvalifikasjoner	Andel_frafall
2020 HØST	11	11	0	0	0	100,00%	0,00%	0,00%
2021 VÅR	11	9	0	0	2	81,82%	0,00%	18,18%
2021 HØST	11	9	0	0	2	81,82%	0,00%	18,18%
2022 VÅR (normert)	11	8	4	4	3	72,73%	36,36%	27,27%
2022 HØST	11	5	0	4	2	45,45%	36,36%	18,18%

3-årig syklus emneevaluering av DIDASPA2 Spanskdidaktikk

Vår 2022

I omtalen av «Kvalitetssystem for utdanning ved UiB» ber en om at 3-årige emneevalueringer skal omfatte følgende element:

Pedagogiske valg og studentene sin læring som følge av disse valgene

Både på Lektorutdanning og på PPU-programmet opplever studentene som regel at didaktikken er av en mer teoretisk art. Studenter ønsker seg en mest mulig praksisnær didaktikkundervisning. I tråd med forskning som tilrår mer studentaktive undervisningsmetoder for å øke studentene sin læring, satte jeg i gang et prosjekt med ressurser fra Olsens Legat med formål å fremme nye undervisnings- og læringsformer.

DIDASPA2 har blitt omstrukturert på flere måter:

- I stedet for å ha to timer lange seminarer har jeg derimot valgt å legge om til fire timers undervisningsbolker. Det skal gi mer tid til diskusjon og studentaktiv deltakelse. Studentene får en «case» som de må reflektere over (hjemme), enten alene eller i grupper (de velger selv), og konfronterer den med teorien ilt seminaret. På den måten får studentene anledning til å bruke praksis som utgangspunkt for videre å koble den til teori og deretter omformulere det opprinnelige «caset» med praksis igjen (praksis-teori-praksis). Prinsippene bak omvendt undervisning blir derfor brukt i undervisningen.
- Praksisbesøk. Studentene skal ha ett besøk av både pedagog og fagdidaktiker. Formålet med besøkene fra UiB er å tilby studentene veiledning, læring og vurdering i og av egen praksis. Studentene får vanligvis to besøk fra universitetet hvert semester. På besøksdager møtes student, veileder og ekstern veileder fra UiB til en samtale før timen. Studenten skal da ha utarbeidet et veiledningsdokument for hver time og skal gjøre greie for undervisningsopplegget, de faglige målene, fremgangsmåter og hvilke fagdidaktiske og/eller pedagogiske refleksjoner som ligger til grunn for timen som kommer. Det settes også av tid til en samtale etter timen. Studenten vil da bli vurdert på bakgrunn av opplegget de har utarbeidet for den aktuelle undervisningsøkten, gjennomføringen, samt refleksjonssamtalen i etterkant.

Det har vært et tradisjonelt skille mellom campusundervisning og praksis. Studentene følger campusundervisning i åtte uker. Deretter blir de utplassert i en skole for en praksisperiode som varer i ca. åtte uker og til slutt går vi igjennom erfaringer fra praksis i et sist oppsummerende seminar på campus. For å motvirke dette skillet får studentene nå oppfølging fra fagdidaktiker mens de er ute i praksis, i form av online- eller fysiske møter, før og etter praksisbesøk (observasjon), hvor de får hjelp med planlegging, refleksjon og evaluering av hele prosessen. Dette har blitt inkorporert som en av flere obligatoriske undervisningsaktiviteter studenten må få godkjent for å kvalifisere for eksamen, dvs. «å ha delteke i eit etterarbeid knytt til avtalt tema (til dømes undervisningsopplegg, forskingsprosjekt, e.l.).»

- Etter praksisbesøket skal man levere inn en besøksrapport via et digitalt skjema lenket til i faktaboksen. Denne rapporten er opprinnelig brukt som et administrativt verktøy (summativ vurdering) mer enn en formativ vurdering av studenten. Dermed har en valgt å

lage en praksisbesøksrapport som tar form av en beskrivelse av opplegget med «guiding /inquiry for reflection questions rather than directive/advising instructions» slik at studentene kan få flere anledninger til å reflektere dypere på praksisen deres (Novillo & Pujola, 2019). Dette er et forsøk til å fremme mer refleksjon hos studentene mht Olsens Legat innvilget prosjekt. Denne aktiviteten er rettet mot oppfylging av den andre obligatoriske undervisningsaktiviteten til emnet, dvs. en kritisk refleksjon i form av et «skriftleg arbeid som drøftar ei spanskdidaktisk problemstilling».

Undervisningen og de obligatoriske undervisningsaktivitetene er dermed rettet mot å oppfylle følgende deler av læringsutbyttet:

- Studenten «kan reflektere over eigen og andre sin skolepraksis i lys av kunnskap innanfor dei spanskfaglege disiplinane (språk, litteratur, kultur og fagdidaktikk)»
 - Studenten «kan reflektere over og vurdere eiga undervisning for å kunne fornye og utvikle den fagdidaktiske kompetansen i spansk, medrekna den digitale kompetansen»
 - Studenten «kan undersøkje og drøfte spansklæring i lys av kunnskap innanfor dei spanskfaglege disiplinane (språk, litteratur, kultur og fagdidaktikk) og teoriar om innovasjon, og presentere refleksjon over dette skriftleg og munnleg»
- I 2019-2020 ble det brukt videoopptak av studentene sine praksisbesøk som støtte til vidare refleksjon hos studentene. Selv om de var fornøyde med verktøyet var det vanskelig å sette det i gang som en fast rutine for framtiden på grunn av etiske retningslinjer som naturlegvis måtte følges opp. Det viste seg da å være altfor tidskrevende for studentene å samle inn samtykker fra alle elevene og dermed ble dette tiltaket forkastet.

Emnet er designet i tråd med forskning som sier at studenter lærer best ved å delta aktivt og har i mente den utviklingen av studentenes læring i en *bottom-up* tilnærming hvor seminarene/forelesningene tar praksis som utgangspunkt for vidare arbeid med ulike teori og teoretiske problemstillinger. Studentaktive læringsformer og omvendt undervisning blir satt i gang med hjelp og bruk av IKT (Canvas) til å forberede studenter til hver forelesning. I tillegg har relevansen av emnet vært mer tydelig ved å få en tydeligere og tettere oppfølging og kobling med praksis. Tilbakemeldingen fra studenter er at de er fornøyde og har lært mye om spansk fagdidaktikk. Det bør likevel nevnes at opplegget med tett oppfølging av studentene har vært svært ressurskrevende og at gjennomføringen av et slikt praksisopplegg kommer an på at en også i framtiden har nok ressurser til dette.

Oppfølging av tidlige evalueringer

Studentene har tidligere gitt gode tilbakemeldinger på emnet. I 2019 satte studentene stor pris på den nye tilnærmingen i undervisningen og uttrykte at forholdet mellom teori og praksis var utmerket. De så stor relevans i alle temaene, men flere studenter savnet mer tid til å gå dypere i konkrete fagdidaktiske tema. Imidlertid opplevde studentene tempoet til faget som høyt.

I 2020 mente studentene at emnet i høyere grad enn tidligere kunne engasjere og hadde en klar struktur. Flere mente at de hadde fått mulighet til aktiv læring og vurderte læringsutbyttet som høyt i nesten alle delene av kurset. Imidlertid er det en god del kommentarene som må tas til etterretning og pekte på elementer i kurset som burde evalueres og omformuleres. Når det gjelder disse momentene med potensial for forbedring ser det her ut til at dette først og fremst gjelder innholdet/pensum og arbeidsbelastning. Studentene opplevde faget positivt, både som

veldig relevant og nyttig, men pensumet føltes derimot som noe overflødig. De mente at arbeidspress og egen innsats i et 7.5stp fag føltes likt som i et 15-poengsemne. De mente også at kravet til antall ord på eksamen er altfor mye. Ut ifra studentenes kommentarer og tilbakemeldinger er det to ideer/temaer som er verdt å fremheve: **stress og arbeidsmengde**. Det er stor enighet blant studenter og undervisere i at praksisperioden i seg selv er stressende nok. I tillegg opplever studentene å bli påført enda mer stress når de ofte får ekstraoppgaver i både på PEDA og DIDA, i denne perioden.

Å finne frem til riktig arbeidsmengde ser ut til å være en diskusjonssak i miljøet og som strekker seg tilbake i tid. Alle undervisere er klar over at kombinasjonen mellom praksis- og campusarbeid til tider kan bli stressende og jobber med å skape et bedre samsvar og en helhet mellom PEDA og DIDA slik at studentene fremover skal kunne oppleve mindre press. F.o.m 2020 har vi (PEDA- og DIDA-fagmiljøene) jobbet med saken og har begynt å samarbeide for å finne en løsning på noe som er problematisk og felles gjennom hele studieløpet (se nedenfor «Erfaringar frå andre som bidrar i undervisninga på emnet, både studentar og tilsette»).

I 2021 ble arbeidsformen endret for å unngå kollisjoner med PEDA (begge emner hadde aksjonsforskning som grunnlag til eksamensform) og i 2022 ble eksamensformen endret fra skriftlig til muntlig. Dette ser ut til å ha endret stressnivået hos studentene.

Fra og med vår 2023 er det endret vurderingsform fra skriftlig til muntlig FoU oppgave. Man antar at studentene allerede har mye erfaring med skriving gjennom MA-oppgave og eventuelt allerede har fått visst frem gode skriftlige evner. Imidlertid savner man mer bruk av muntlige evalueringsformer generelt sett (spansk fagdidaktikk) som kan hjelpe studentene å unngå økt belastning i en ellers arbeidskrevende periode.

Studentevaluering og andre evalueringar som er relevante for emnet

Våren 2022 fikk DIDASPA2-studentene tilsendt spørreundersøkelser fra både administrasjon og av emneansvarlig. De to separate evalueringene danner grunnlag for noe av innholdet i denne rapporten. Pga. lav svarprosent er det utfordrende å komme fram til solide konklusjoner.

Det har som regel vært vanskelig å få studenter til å svare på evalueringene, tross flere oppfordringer fra både studiekonsulent og underviser. Bare 1 av fem studenter svarte på evalueringene til studiekonsulent og bare også 1 svarte på evalueringen til underviser. Forholdstallet var likt for både evalueringen gitt av studiekonsulent og den gitt av emneansvarlig. Fem studenter møtte til eksamen i emnet.

Tilbakemeldingene var i overvekt gjennomgående positive. Studentene (ukjent om samme student svarte på begge) oppgir å være fornøyde både med strukturen, innholdet og undervisningen på emnet. De mente at faget har vært lærerikt og har fått andre perspektiver på det å være lærer i fremmedspråk (spansk). Samtidig pekte de på at prosessen med å forberede timen, gjennomføringen og refleksjonen i etterkant også har vært veldig lærerik og er svært fornøyd med denne delen av studiet. De mente videre at de har fått størst utbytte av å delta på workshops/seminar/forelesninger og praksisbesøk, fordi de var mer aktive der og oppga da at det er lettere å forstå alt det faglige. Imidlertid mente flere at de fikk minst utbytte av **fellesforelesninger** og undervisningverksted. Her finnes det et forbedringspotensial med tanke på kommunikasjon mellom underviser og studenter.

Studentene var misfornøyde med struktur, innhold og gjennomføringen av undervisningsverkstedet. De mener at de ikke fikk nok med tid til å presentere og diskutere opplegget, noe som følte overfladisk og dermed vil kunne ha redusert læringseffekt. Det viser seg at kollisjonsproblematikken med andre fag fortsatt er aktuell, spesielt med tanke på innlevering av oppgaver i flere fag samtidig. De savnet også mer tid til å gå dypere inn i faget (spansk fagdidaktikk) og mente at størrelsen på emnet og vurderingsformen burde bli endret for de som gjennomfører PPU med ett undervisningsfag (droppe DIDAHUM og heller endre DIDASPA til et 15-poengsemne).

Erfaringer fra andre som bidrar i undervisningen på emnet, både studenter og ansatte

Siden 2020 er det blitt satt av tid til møter mellom fagmiljøene fra PEDA og DIDA for å skape en bedre helhet og sammenheng i PPU-programmet. Det jobbes fortsatt med å gi studentene vurderingsformer og arbeidskrav som ikke kolliderer med hverandre og som føles meningsfulle. Samme problematikken gjelder også innad i DIDA- fagmiljøet med tanke på fordeling av innhold til fellesforelesningene.

Strykprosenten på emnet

Vår 2022 gjennomførte fem studenter alle de obligatoriske arbeidskravene, og av disse møtte alle til eksamen. Ingen strøk.

Eventuell fagfelleevaluering

Ingen

Vurdering av samsvar mellom omtalen av læringsutbyttet for emnet og undervisnings-, lærings- og vurderingsformer

Sjå bolken om «Pedagogiske val og studentane si læring som følgje av desse vala».

Vurdering av om framdrift og opplegg for emnet er i samsvar med de fastsatte målene for emne og program

Som emneansvarlig vår 2022 kan jeg konstatere at framdrift og opplegg for emnet er i samsvar med de fastsatte målene både for emne og program (PPU). I høve emnet isolert, viser en til vurderingen gitt i bolken «Pedagogiske val og studentane si læring som følgje av desse vala». Framdriften og opplegget har vært som planlagt og en har dermed hatt godt samsvar med de fastsatte målene for emnet, bortsett fra «vurdering og korleis rettleie elevane i deira læringsprosessar i spansk» som er delvis dekket i DIDASPA1 og mer omtalt på DIDASPA2.

Når det gjelder målene for programmet, bidrar emnet til å oppnå de generelle delene innen følgende mål:

- kan planleggje, gjennomføre og reflektere over spanskundervisning basert på forskings- og erfaringsbasert kunnskap.
- kan vurdere læremiddel og arbeidsformer i spanskfaget i relasjon til læreplanen for faget, og kan grunngi val og vurderingar ut frå eige fagsyn og praksisteori.
- kan rettleie elevane i deira læringsprosessar på grunnlag av teoriar om språk, tekst, kultur og framandspråksutvikling og kan påvise elevane sitt læringsutbytte,

- kan beskrive kjennetegn på kompetanse i ulike sider av spanskfaget
- kan vurdere elevane sitt læringsutbyte og leggje til rette for elevar si vurdering av eiga læring
- kan uttrykkje seg munnleg og skriftleg på spansk innan fagfeltet

Oppsummering og plan for oppfølging

Emnet i sin nåværende form virker å ha fungert svært godt både for studenter og underviser. Det er likevel et punkt som bør følges opp:

- Det er fortsatt potensiale for bedre samarbeidet med pedagogene (PEDA) knyttet til helhet og sammenheng i programmet.

3-årig syklus emneevaluering av SPLA119 Kultur og samfunn i Latin-Amerika

Våren 2023

I omtalen av «Kvalitetssystem for utdanning ved UiB» ber ein om at 3-årige emneevalueringar skal omfatta følgjande element:

Pedagogiske val og studentane si læring som følgje av desse vala

SPLA119 er lagt opp i tråd med forskning som tilrår studentaktive undervisningsmetodar for å auka studentane si læring. I tillegg nyttar emnet formativ vurdering i staden for den tradisjonelle normative vurderinga. Frå og med hausten 2021 har me også brukt korte undervisningsvideoar der me føreleser over ulike deler av tema/pensum, og har då i endå større grad brukt såkalla «flipped classroom». Videoane vart laga i samband med at me utvikla to heilt parallelle emne, SPLA119 som har campusundervisning og SPLA639 som har undervisning online. Alt læringsutbytte, alle læringsressursar og alle undervisningsopplegg er identiske for dei to emna. Arbeidet vart gjort etter at tilsvarande opplegg vart introdusert på vår-emna SPLA109/629, der det har fungert svært godt!

Emnet hadde allereie i mange år før videoane vart laga, vore lagt opp slik at studentane skulle førebu seg til timane som er lagde opp med aktiv diskusjon omkring det aktuelle temaet. Det vert også lagt opp til å trekkja linjer mellom dei ulike bolkane. Som sannsynlegvis alle undervisarar vil ha opplevd, har nivået på førebuinga og engasjementet mellom studentane variert frå år til år, gruppe til gruppe og økt til økt. Av og til fungerer formatet strålende, medan det andre gonger kan gå trått. Det er tydeleg kommunisert under «Arbeids- og undervisningsformer» i emneomtalen at ein ventar at studentane deltar aktivt. Der står det: «Undervisninga er basert på seminarundervisning med diskusjon, og legg derfor til grunn at studentane tar aktivt del i undervisningstilbodet.» Verktøy som Flinga og Menti vert brukt i timane for å leggja grunnlag for munnlege diskusjonar i grupper og i plenum. Modular på Mitt UiB vert også brukt aktivt i dialog med studentane i førebuing til timane og av og til også til etterarbeid.

Timane er strukturerte for å oppfylle følgjande frå «Mål og innhald» i emneomtalen:

Studentane skal vinna kunnskap om nokre sentrale tema og problemstillingar i dagens latinamerikanske samfunn og kulturar. [...] Studentane skal analysere fagstoff, diskutere og reflektere over dette og trekkja eigne slutningar knytte til tema ein fokuserer på. Gjennom dette skal dei utvikla evna til å skjønna og bruka moderne spansk munnleg [...].

I tillegg har studentane fleire obligatoriske arbeidskrav. Dei skal halda to korte, munnlege presentasjonar på spansk om tema knytte til pensum/undervisninga, og dei skal i tillegg møta til rettleiing i samband med skriving av semesteroppgåve. Studentane får tilbakemeldingar undervegs, og arbeidskrava må vera beståtte før dei kan levera eksamen. Den endelege karakteren i emnet får dei på den rettleidde semesteroppgåva, som er på 2000-2500 ord og skriven på spansk. Både pensum, undervisninga og semesteroppgåva rettar seg mot å oppfylle læringsutbyttet for emnet, der det mellom anna står at studenten/kandidaten:

har innsikt i nokre sentrale tema og problemstillingar i dagens latinamerikanske samfunn og kulturar.

har forståing for korleis ulike perspektiv pregar framstillingane av dei latinamerikanske samfunna
kan gjera greie for nokre sentrale trekk og samanhengar i dagens latinamerikanske samfunn og
kulturar

kan analysere fagstoff og trekkja eigne slutningar.

kan demonstrere kunnskap og evne til fagleg drøfting i mindre skriftlige arbeid på eit klart og korrekt
spansk språk.

Emnet er såleis lagt opp i tråd med forskning som seier at studentar lærer best ved å aktivt delta.
Tilbakemeldinga frå studentar er at dei er svært nøgde og har lært mykje om latinamerikansk kultur
og samfunn. Det bør likevel nemnast at opplegget med tett oppfølging av studentane har vore svært
ressurskrevjande og at gjennomføringa av eit slikt opplegg kjem an på at ein også i framtida har nok
ressursar til dette.

Oppfølging av tidlegare evalueringar

Emnet har fått gode tilbakemeldingar frå studentar og berre eitt konkret punkt til forbetring har
kome fram dei siste åra. I studentevalueringa hausten 2020, vart det peikt på at det gjerne kan
leggjast opp til fleire skriftlege øvingsoppgåver sidan eksamen er skriftleg. Emneansvarlege kan vera
einige i dette, men retting av og tilbakemelding på skriftlege oppgåver er ressurskrevjande, og per no
har ikkje faget ressursar til å leggja inn fleire skriftlege øvingsoppgåver i emnet. Men krava til utkast
til semesteroppgåve studentane leverer til rettleiing, har blitt klarare/strengare, og studentane får
såleis vonleg meir ut av rettleiinga dei allereie får på oppgåva. Det er likevel eit punkt me har i
bakhovudet dersom ressursituasjonen skulle endra seg.

Det har dessutan vore peikt på at det er vanskeleg når det er så store skilnader i spansknivå mellom
studentar. Dette er ei kjent og vedvarande problemstilling som ein alltid arbeider med og freistar å
finna løysingar på, men som ein til no ikkje har klart å eliminera heilt.

Studentevaluering og andre evalueringar som er relevante for emnet

På skriftleg evaluering hausten 2020 var det som alltid vanskeleg å få studentar til å svara på
evalueringa, trass fleire oppmodingar frå både studiekonsulent og undervisar. Sidan oppmøte på
undervisninga ikkje er obligatorisk og berre om lag ein tredjedel til halvparten av studentane var til
stades i kvar økt, var det heller ikkje mogeleg å få alle til å svara ved å gi dei tid til dette i sjølve
undervisninga.

Frå dei som svarte, var tilbakemeldingane overveldande positive, trass i den spesielle situasjonen
som rådde hausten 2020, med digital undervisning og koronarestriksjonar. Studentane uttrykte at
emnet byggjer veldig fint vidare på SPLA109, og at strukturen fungerer godt. Ein av studentane skreiv
at «problemstillingene som ble valgt for dette semesteret var interessante og sentrale for å få en
dypere innsikt. Foreleserne fremsto også som svært engasjerte både faglig og overfor studentene.»
Tema ein fokuserte på hausten 2020 var «Religion i Latin-Amerika» og «Urfolk i Latin-Amerika i det
21. hundreåret». Det vart elles framheva at det var eit ope og inkluderande læringsmiljø.

Hausten 2021 vart emnet munnleg evaluert både i undervisninga og spontant i rettleiingsøktene som
er del av dei obligatoriske arbeidskrava. Tilbakemeldingane var svært gode, både på det faglege
innhaldet og på organiseringa, bortsett frå enkelte tekniske problem med timeplanen. Denne
hausten var det ein del krøll med datasystema, då timeplanen på nett og kalenderen til studentane i

Mitt UiB tydelegvis ikkje snakka saman, noko som gjorde at studentar ikkje fekk opp alle undervisningsøktene i kalendrane sine og difor til tider ikkje visste at dei skulle møta til undervisning. Det var tydeleg at studentane forholdt seg til kalenderen i MittUiB og ikkje til timeplanen på nett.

Hausten 2022 vart også emnet skriftleg (digitalt) evaluert av studentane, men berre 2 studentar svarte på heile skjemaet. Det kom fram at ein av dei tykte pensum hadde vore tungt og vanskeleg å lesa, men samstundes markerte begge respondentar at dei kun brukte 2-4 timar i veka på sjølvstudium i samband med undervisninga. Likevel var dei svært nøgde og ganske nøgde med eigen innsats. Studentane kommenterte at

Møte til veiledning var veldig hjelpsomt. To muntlige oppgaver var sikkert lurt å ha, men litt stressende.

De to muntlige fremføringene fikk meg til å lære mer om de enkelte temaene, og å utdype meg mer i dem. Det å få veiledning/skriftlig tilbakemelding på semesteroppgaven min hjalp veldig med å utvikle den og se hva jeg kunne gjøre bedre/utdype meg enda mer i.

Ingen av dei hadde forslag til endring av dei obligatoriske oppgåvene. Begge var einige i at semesteroppgåve var ei høveleg og lærerik vurderingsform, og at læringsmiljøet var godt.

[Erfaringar frå andre som bidrar i undervisninga på emnet, både studentar og tilsette](#)

Emnet er f.o.m. hausten 2021 heilt parallelt med SPLA639, som vert undervist på nett. Det har difor vore tett samarbeid mellom lærarane på dei to emna, samt med andre kollegaer som var involverte i utviklinga av emnet. Samarbeidet har vore godt og fruktbart, og erfaringane samanfell hjå dei involverte lærarane. Studentar har ikkje bidratt i undervisninga på emnet.

Undervisarane ser det som eit problem at mange melder seg opp til emnet, medan relativt få tek eksamen. Hausten 2021 var situasjonen på SPLA119 som følgjer:

- 27 studentar stod på lista i Mitt UiB ved semesterslutt. 6 av desse var studentar som aldri eller berre så vidt hadde vore inne på emnesida til SPLA119 i Mitt UiB og aldri hadde møtt til undervisning eller hatt kontakt med undervisarar.
- 20 personar oppfylte det første obligatoriske arbeidskravet.
- 16 studentar oppfylte alle fire arbeidskrava og kunne levera semesteroppgåve.
- 16 studentar leverte eksamen.

Hausten 2020 var 21 kandidatar melde opp til eksamen medan 15 leverte. Hausten 2022 var 14 kandidatar melde opp til eksamen og 11 leverte semesteroppgåve. Studenttala på SPLA119 har elles gått noko ned etter at SPLA639 vart oppretta, i tråd med at studenttala på SPLA639 sjølv sagt har auka. Samla sett har dei to emna god søknad, og det var totalt 27 studentar som leverte semesteroppgåve hausten 2022. Totalt 42 studentar var oppmelde i same semester.

Frå undervisar sin ståstad er det også problematisk at det til tider er dårleg oppmøte på undervisninga. Dersom me held fram med tala frå 2021 som grunnlag, kom ei kjernegruppe på om lag 5 personar trufast til undervisning. Tilbakemeldinga frå dei andre var at dei ikkje kunne koma grunna jobb og andre studium (særleg grunna krevjande lektoremne), og at SPLA119 er eit emne dei kan følgja utan å koma til undervisninga sidan førelesingane vert lagde ut som videoar. Seminarar vert difor «berre» diskusjon, som ikkje vert oppfatta som så naudsynt. Dessutan vart det kommentert at dei ofte ikkje fekk tid til å førebu seg til timane med å lesa pensum og sjå videoar, og at dei difor ikkje ville koma.

Manglande oppmøte var også eit problem på dei ekstra kollokviegruppene ein tilbydde hausten 2021, finansierte med ekstra koronamidlar. På eit par av øktene møtte ingen opp, og på andre kom det 1-2 studentar. Kollokvieleiar hadde gode diskusjonar med dei som kom, men det hadde sjølvstg vore både meir fruktbart og ei betre utnytting av ressursane dersom fleire hadde møtt. Kollokvieleiar sitt inntrykk var at det ikkje var noko gale i seg sjølv med opplegget, men at særleg lektorstudentane har mykje å gjera og at det vert for mykje for dei med ekstra-grupper.

Frå undervisarane sin ståstad er fagleg diskusjon på spansk, med den øvinga det gjev i å bruka språket og terminologien, samt refleksjonen det gjev, svært viktig. Ein må difor freista finna måtar å formidla dette til studentane på slik at dei kjem på undervisninga. Undervisarane er usikre på korleis dette konkret kan gjerast på ein effektiv måte.

Det er elles ei utfordring at studentar fell av studiet fordi dei ikkje klarar å overhalda fristar for obligatoriske arbeidskrav, og det er ofte ei utfordring å avgjera kor fleksibel ein skal vera.

Strykprosenten på emnet

Sidan dette er eit emne med rettleidd semesteroppgåve der studentane følgjeleg får innspel og hjelp undervegs i skriveprosessen, er det heller uvanleg med stryk på emnet. Dei som står i fare for å stryka, vert rådde til å bruka ekstra tid og levera i vårsemesteret.

Hausten 2020 strauk likevel 1 av dei 15 som leverte semesteroppgåve, og strykprosenten var altså 6,7%.

Hausten 2021 var det 16 studentar som gjennomførte alle obligatoriske arbeidskrav, og like mange som leverte eksamen. Ingen strauk.

Hausten 2022 var det 11 studentar som leverte eksamen. Ingen strauk.

Eventuell fagfellevurdering

Emnet vart fagfellevurdert i 2020 saman med dei andre emna på 100-nivå i bachelorprogrammet i spansk og latinamerikastudium. Ekstern fagfelle kommenterer at emnet «ser ut til å ha fungert godt». Han kommenterer at situasjonen hausten 2020 var spesiell og at tilbakemeldingane må sjåast i lys av dette, men at «[f]oreleserne ser dessuten ut til generelt å ha løst korona-utfordringene på en god måte, slik at det også er bevart et positivt læringsmiljø.» Ekstern fagfelle støttar innspelet om fleire skriftlege oppgåver, men påpeikar at «[d]ette må samtidig kalibreres i forhold til arbeidskrav i andre emner.»

Vurdering av samsvar mellom omtalen av læringsutbyttet for emnet og undervisnings-, lærings- og vurderingsformer

Sjå bolken om «Pedagogiske val og studentane si læring som følge av desse vala».

Vurdering av om framdrift og opplegg for emnet er i samsvar med dei fastsette måla for emne og program

Så langt emneansvarlege kan sjå, er framdrift og opplegg for emnet i samsvar med dei fastsette måla både for emne og program. I høve emnet isolert, viser ein til vurderinga gitt i bolken «Pedagogiske val og studentane si læring som følgje av desse vala». Framdrifta og opplegget har vore som planlagt dei siste tre åra (med enkelte tilpassingar i korona-åra 2020 og 2021) og ein har dermed hatt godt samsvar med dei fastsette måla for emnet.

Når det gjeld måla for programmet, bidrar emnet til å oppnå dei generelle delane innan følgjande mål samt dei delane som går spesifikt på historie:

- Kandidaten har brei generell kunnskap om sentrale tema, teoriar, problemstillingar, prosessar, verkty og metodar innan spansk språk og latinamerikansk kultur/historie og litteratur.
- Kandidaten kjenner til forskings- og utviklingsarbeid innan faget.
- Kandidaten kan oppdatera kunnskapen sin innan fagområdet.
- Kandidaten kan arbeida sjølvstendig med problemstillingar på grunnlag av faglege kunnskarar.
- Kandidaten kan skjønna og bruka moderne spansk munnleg og skriftleg.
- Kandidaten brukar kunnskapane sine kritisk og reflekterer over eigen fagleg praksis innafør alle dei tre disiplinane som inngår i spesialiseringa.
- Kandidaten kan gå vidare med eiga kompetanseutvikling og spesialisering på ein sjølvstendig måte innafør alle tre disiplinane.

Oppsummering og plan for oppfølging

Emnet i si noverande form verkar å ha fungert svært godt både frå studentane og undervisarane si side. Det er sjølv sagt likevel alltid ting som kan gjerast betre, og emneansvarlege vurderer kontinuerleg forbetringar, både i forhold til struktur, læringsressursar og gjennomføring. Studentane sine tilbakemeldingar vert alltid nøye evaluerte, og t.d. det ovannemnde punktet om skriftlege øvingsoppgåver vert løpande vurdert i høve ressursituasjonen og kapasitet til individuell oppfølging av studentane.

Det er også behov for å jobba meir med korleis studentar på alle spansknivå kan få godt utbyte av timane. Det er eit vedvarande problem at det er så ulike nivå og at dei som er svakast i spansk tykkjer det er vanskeleg å delta (ikkje berre på SPLA119, men også på andre emne i spansk og i andre fag på IF), og så langt har me ikkje funne ei løysing som alltid fungerer. Ein vil halda fram med å arbeida med problemstillinga.

I tillegg er det naudsynt å finna måtar å kommunisera betre til studentane at fagleg diskusjon på spansk gir dei stort utbyte og at dei difor bør møta på undervisninga. Obligatorisk frammøte vert kontinuerleg vurdert og diskutert i fagmiljøet, men så langt har ulempene ved ei slik ordning vorte sett på som større enn fordelane.